



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Objekt- og systemskildring



# Innhald

1	Innleiing.....	6
1.1	Gjennomføring og metode .....	6
1.2	Kunnskapsgrunnlag.....	7
1.3	Kva skal vernast i Møre og Romsdal? .....	7
2	Overordna karakteristikkar av Møre og Romsdal .....	8
2.1	Geografiske og topografiske forhold .....	8
2.2	Samfunnsmessige forhold .....	9
2.3	Næringsverksemd og industri .....	15
2.4	Kulturelle verdiar, natur og miljø .....	18
3	Kritiske samfunnsfunksjonar .....	26
3.1	Styringsevne (og suverenitet) .....	26
3.2	Tryggleiken til innbyggjarane.....	28
3.3	Samfunnet sin funksjonalitet .....	39
4	Referansar .....	64
	.....	67

## Figurliste

Figur 1. Verdihierarki .....	8
Figur 2 Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal .....	11
Figur 3 Folketalsutvikling etter grunnkretsar i Møre og Romsdal, 2016-2021.....	11
Figur 4 Folkemengd Møre og Romsdal 2021 og framskriv til 2030.....	12
Figur 5 Kommunar i Møre og Romsdal etter sentralitet .....	13
Figur 6 Bu- og arbeidsmarknad i Møre og Romsdal .....	13
Figur 7 Næringsstruktur i Møre og Romsdal .....	17
Figur 8 Landskapstypar i Møre og Romsdal [ref] .....	19
Figur 9 Kulturhistoriske landskap av nasjonal og regional verdi (KULA).....	20
Figur 10 Regional delplan, Møre og Romsdal .....	21
Figur 11 Status kulturminneplanar, Møre og Romsdal .....	22
Figur 12 Miljømål i ein vassførekomst.....	23
Figur 13 Kart over Møre og Romsdal vassregion med vassområde .....	24
Figur 14 Økologisk tilstand, naturlege vassførekomstar i Møre og Romsdal .....	25
Figur 15 Tiltak på verkemiddeleigar i Møre og Romsdal .....	25
Figur 16 Kart over dagens transmisjonsnett i Midt-Noreg.....	44
Figur 17 Dagens nettbilete i Møre og Romsdal. Figuren syner nyleg gjennomførte og planlagde tiltak.....	45
Figur 18 Samferdsel i Møre og Romsdal per januar 2022.....	51
Figur 19 Styrings- og rapporteringslinjer ved hendingar .....	54

## Tabelliste

Tabell 1 Oversikt over vassførekomstane i regionen Møre og Romsdal.....	24
Tabell 2 Påverking med stor/middels grad per sektor i vassområda i Møre og Romsdal	25
Tabell 3 Lager og oppsetningsstadar i Møre og Romsdal, Sivilforsvaret .....	36
Tabell 4 Komponentar som inngår i vatn- og avløpssystem .....	41
Tabell 5 Berekraftsindikatorar, vatn og avløp, kommunar i Møre og Romsdal.....	42
Tabell 6 Berekraftsindikatorar, vatn og avløp, kommunar i Møre og Romsdal.....	42
Tabell 7 Oversikt over veg og fergjer i Møre og Romsdal .....	55
Tabell 8 Skildring av SFMR og FBR .....	60
Tabell 9 Oversikt over aktørane i Fylkesberedskapsrådet i Møre og Romsdal.....	60
Tabell 10 Frivillige organisasjonar i beredskapen i fylket (ikkje uttømmende).....	63

# 1 Innleiing

Dette dokumentet er ei objekt- og systemskildring av Møre og Romsdal fylke. Dokumentet fungerer som eit grunnlagsdokument for FylkesROS Møre og Romsdal.

Føremålet med dokumentet er å kartlegge, skildre og avgrense Møre og Romsdal som system, inkludert dei kritiske samfunnsfunksjonane i fylket (og til dels objekt og infrastruktur). Det er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å identifisere farar, trugslar, sårbarheiter og uønskete hendingar (med potensiell høg risiko) som kan førekome i Møre og Romsdal.

Skildring, kartlegging og avgrensing av fylket omfattar fysiske, organisatoriske, administrative og sosiale/samfunnsmessige eigenskapar ved fylket. Dette inneber også å skildre særskilte forhold (t.d. kritiske samfunnsfunksjonar, infrastruktur, objekt) som påverkar funksjonsevna til fylket. For å identifisere, analysere og evaluere sårbarheiter og risiko i fylket er det heilt naudsynt å forstå kva for eigenskapar og karakteristikkar fylket har og forstå kva for kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur som må vernast for å ivareta tryggleiken til innbyggjarane.

Kapittel 2 skildrar dei overordna karakteristikkane til fylket (klimatiske forhold, demografi, natur og miljø, oversikt over dei viktigaste beredskapsaktørane, osb.). Kapittel 3 skildrar dei kritiske samfunnsfunksjonane i fylket ved å gje ei oversikt over ansvar, regulering og funksjonsevne. Oppbygninga av denne delen er gjort med i utgangspunkt i DSB si oversikt over samfunnets kritiske funksjonar<sup>1</sup>, men søkeljoset er lokalt og regionalt nivå – kva er status i vårt fylke.

Dette er eit grunnlagsdokument for å kartlegge farar og trugslar og å identifisere og analysere uønskete hendingar i FylkesROS.

## 1.1 Gjennomføring og metode

Korleis FylkesROS Møre og Romsdal 2021-22 er gjennomført er skildra i detalj i eit eige dokument<sup>2</sup>. Rammeverket bygger i stor grad på DSB sin rettleiar<sup>3</sup> for statsforvaltaren sitt arbeid med fylkesROS og Norsk Standard *NS-5814:2021 – Krav til risikovurderingar*.

---

<sup>1</sup> DSB, 2016. Samfunnets kritiske funksjonar. <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/samfunnets-kritiske-funksjoner/>

<sup>2</sup> FylkesROS Møre og Romsdal 2021-22. Rammeverk for gjennomføring av FylkesROS.

<sup>3</sup> DSB, 2020. Veileder for Fylkesmannens arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyser (fylkesROS). [https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/veileder\\_for\\_fylkesros\\_v.3.pdf](https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/veileder_for_fylkesros_v.3.pdf)

## 1.2 Kunnskapsgrunnlag

Ein viktig del av dette arbeidet er å kartlegge og skaffe oversikt over kunnskapsgrunnlaget, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Dette inkluderer mellom anna:

- Risiko- og sårbarheitsanalyser (lokalt, regionalt og nasjonalt)
- Nasjonale trusselvurderingar
- Stadsspesifikke forhold for Møre og Romsdal
- Beredskapsplanar (lokalt og regionalt)
- Datakjelder, kart og statistikk

## 1.3 Kva skal vernast i Møre og Romsdal?


FylkesROS skal gje ei oversikt over risiko og sårbarheit i fylket mellom anna ved å identifisere uønskte hendingar med høg risiko som kan råke fylket. Konsekvensane av dei uønskte hendingane målast i tap av samfunnsverdiar. Samfunnsverdiane utgjer dei overordna verdiane som skal vernast i fylket. Det er naturleg å bruke samfunnsverdiane som DSB foreslår i sin rettleiar<sup>3</sup>: liv og helse, natur og kultur, økonomi, samfunnsstabilitet, og demokratiske verdiar og styringsevne (dels nasjonale tryggleiksinteresser). Desse samfunnsverdiane er understøtta av kritiske (og viktige<sup>4</sup>) samfunnsfunksjonar som er naudsynte for å ivareta innbyggjarane og samfunnet sine grunnleggande behov og kjensla innbyggjarane har av tryggleik. Det tryggleikspolitiske domenet (krise/krig) handlar om grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) som skal ivareta nasjonale tryggleiksinteresser. GNF er definert som: «... *tenester, produksjon og andre former for verksemd som er av ei slik betydning at heilt eller delvis bortfall av funksjonane vil få konsekvensar for staten sin evne til å ivareta nasjonale tryggleiksinteresser*»<sup>5</sup>. GNF og samfunnet sine kritiske funksjonar er avhengige av fysiske og digitale strukturar eller objekt for å fungere, ofte referert til som kritisk infrastruktur. Desse infrastrukturane kan i nokre tilfelle vere skjermingsverdige og treng beskyttelse (jf. sikkerheitslova). For FylkesROS vil desse objekta og infrastrukturane vere spesifikke for Møre og Romsdal. Objekt og infrastruktur er understøtta av ulike innsatsfaktorar, ressursar og kapabilitetar. Dette såkalla *verdihierarkiet*, som legg grunnlaget for FylkesROS, er skildra i Figur 1.

Eitt sentralt spørsmål i FylkesROS er kva farar og trugslar kan utnytte sårbarheiter og svakheiter i fylket, og som potensielt kan føre til uønskte hendingar med store konsekvensar? Og ikkje minst, korleis skal vi verne desse verdiane, funksjonane og infrastrukturane for å unngå hendingane og/eller minimere konsekvensane av hendingane.

---

<sup>4</sup> Gjennom covid-19- pandemien vart også viktige samfunnsfunksjonar definert. Sjå t.d. [https://www.regjeringen.no/contentassets/8da70b8196a24296ae730eaf99056c1b/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner\\_endelig-versjon-22.12.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/8da70b8196a24296ae730eaf99056c1b/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner_endelig-versjon-22.12.pdf)

<sup>5</sup> Jf. sikkerhetsloven §1-5, nr.2



Figur 1 Verdihierarki

## 2 Overordna karakteristikkar av Møre og Romsdal

Dette kapitelet tek føre seg dei viktigaste overordna karakteristikkane av Møre og Romsdal som det er naudsynt å ha oversikt over for å kartlegge risiko og sårbarheit i fylket.

### 2.1 Geografiske og topografiske forhold

Møre og Romsdal ligg på Nordvestlandet og grensar i nordaust og aust mot Trøndelag, i søraust mot Innlandet, i sør mot Vestland, og i vest mot Norskehavet.

Møre og Romsdal er eit typisk vestlandsfylke med fjordar, fjell og skjergard. Fylket skil seg likevel frå resten av Vestlandet med at fjellområda er meir alpine med spisse tindar og djupe botnar. I indre strok av fylket når fjella over 1900 moh. Fjellgrunnen i fylket dominerast av harde gneisbergartar, med til dels næringsfattig samansetting.

Dei mest kjende fjellområda i fylket er Trollheimen, Romsdalsfjella, Tafjordfjella og Sunnmørsalpane. Eit anna særtrekk er den breie og flate strandflata langs kysten av Romsdal og Nordmøre.

På nokre stader er det store lågtliggende areal ved elvemunningane inne i fjordane. I midtre strok av Nordmøre og Romsdal er det relativt store skogareal, særleg i Surnadal. Driva (Sunndalen) og Rauma (Romsdalen) er dei største elvane i fylket.

Fylket har seks byar der Ålesund, Molde, og Kristiansund er dei største og eldste. Desse tre byane ligg ved utløpet av kvart sitt fjordsystem, og er regionsenter for Sunnmøre,

Romsdal og Nordmøre. Dei yngste byane er Ulsteinvik, Fosnavåg og Åndalsnes. Vidare er Ørsta og Volda større tettstadar i fylket. Inkluderer vi byane er det 20 tettstadar i fylket som har over 2000 innbyggjarar (tal frå 2021). Innbyggjarane i Møre og Romsdal bur i hovudsak i låglandet på kysten, og delvis innover langs enkelte av fjordane og dei lågare delane av dalføra innanfor. Vidare bur mange på øyar både med og utan fastlandsforbinding. Meteorologiske og klimatiske forhold

Det er store skilnadar i klima mellom dei ulike delane av Møre og Romsdal. Langs kysten har fylket eit utprega maritimt klima som er mildt og nedbørsrikt. I indre delar, særleg i Romsdal og på Nordmøre, har klimaet eit noko meir innlandspreg med lite årsnedbør. Om vinteren kan det vere vesentleg kaldare i høgfjellet og indre dalstrok enn ute ved kysten. Samtidig kan det på vinteren oppstå vêrsituasjonar med føn-effekt som gjev høge temperaturar i indre dalstrok. Møre og Romsdal har fleire temperaturrekordar for høg temperatur i Noreg frå oktober til februar.

Vêrlaget i fylket er påverka av havet i nordvest og av høge fjell som skjermar mot aust og sør. Ved kysten blæs det oftast frå ei retning mellom søraust og sørvest om vinteren. Om sommaren blæs det oftast frå nordaust ved kysten. Vandrande lågtrykk gjev kuling og iblant storm, oftast frå ei retning mellom sørvest og nordvest.

Møre og Romsdal har opplevd mykje ekstremvêr. Mest kjent i nyare tid er truleg nyttårsorkanen i -92 og «Dagmar» i desember 2011. Sidan år 2000 har heile eller delar av fylket blitt råka av elleve ekstremvêr. Det siste ekstremvêret som råka fylket var «Gyda» i januar 2022 knytt til ekstremnedbør og påfølgjande ekstrem fare for flaum, jord-, sørpe- og flaumskred i tillegg til ekstrem snøskredfare.

Klimaendringane er ein av våre aller største utfordringar. Klimaendringane i fylket gjer at middeltemperatur og årsnedbør er venta å auke. Samtidig er det venta vesentleg reduksjon i snømengder og talet på dagar med snø i lågareliggande område nær kysten. Høgareliggande fjellområde kan få aukande snømengde ei stund framover, før ein òg her kan vente reduksjon i snømengda. I Møre og Romsdal kan vi framover vente kraftig nedbør (inkludert styrtregn) og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar, jordskred og flaumskred, og havnivåstiging og stormflod. Meir informasjon om klima, venta klimaendringar og klimautfordringar i fylket kan lesast i «Klimaprofil Møre og Romsdal<sup>6</sup>».

## 2.2 Samfunnsmessige forhold

I dette delkapitelet skildrast viktige samfunnsmessige forhold som demografi, sosiale tilhøve og levekår. Viktig kunnskapsgrunnlag for å skildre dette er mellom anna:

Utviklingstrekk i Møre og Romsdal mot 2030 <sup>7</sup>

---

<sup>6</sup> Norsk klimaservicesenter, 2017. Klimaprofil Møre og Romsdal.

<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/klima/klimaprofil-mr-2017.pdf>

<sup>7</sup> Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030.



Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal 2021 (FHI)<sup>8</sup>  
Fylkesstatistikk, kommunestatistikk<sup>9</sup>  
Oversikt over helsa i Møre og Romsdal 2021<sup>10</sup>  
Berekraftsrapport Møre og Romsdal<sup>11</sup>

### 2.2.1 Demografi

Folketalet i Møre og Romsdal ved inngangen til 2021 var 265 544 personar. Av desse utgjorde innvandrarbefolkninga 35 989 personar, fordelt på 31 146 innvandrarar og 4 841 barn av innvandrarar. Talet på innvandrarar i Møre og Romsdal har auka mykje dei siste 20 åra. I 2001 var innvandrarbefolkninga på 7 555 personar og utgjorde 3,1 prosent av innbyggjarane i fylket. I 2021 utgjer innvandrarbefolkninga 13,6 prosent av befolkninga i Møre og Romsdal. Dei tre siste åra har veksten i innvandring flata ut. Figur 2 og Figur 3 viser kart med folketalsutviklinga i fylket etter kommunar og grunnkretsar.

---

<sup>8</sup> FHI, 2021. Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal 2021.

<https://www.fhi.no/publ/2021/folkehelseundersokinga-i-more-og-romsdal-2021/>


<sup>9</sup> Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Fylkesstatistikk. <https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/fylkesstatistikk>

<sup>10</sup> Møre og Romsdal fylkeskommune. Folkehelsestatistikk. <https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/folkehelsestatistikk>


<sup>11</sup> Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Berekraftsprofil. U4SSC KPI rapport. <https://mrfylke.no/content/download/17186/195264?version=2>

## Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2011-2021

Kjelde: SSB



Figur 2 Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal




Figur 3 Folketalsutvikling etter grunnkretsar i Møre og Romsdal, 2016-2021.

Hadde det ikkje vore for auken i innvandringa, hadde folketalet i fylket gått ned. Fruktharheitstalet er på det lågaste nivået som er registrert i fylket: 1,58 barn per kvinne.

15 kommunar hadde nedgang i fødselstala frå 2019 til 2020. Flyttinga til og frå fylket er ein avgjerande faktor for utviklinga i folketalet. I 2020 var det 58 fleire som flytta til fylket enn som flytta ut.


Dei neste 10-15 åra aukar talet på eldre over 80 år mykje. Åtte av 26 kommunar i fylket vil i løpet av dei neste 15 åra oppleve at talet på eldre over 80 år doblar seg. Samstundes er det låge fødselstal, som har ført til at talet på barn og unge er redusert. SSB sine framskrivingar viser at dette er ein trend som vil halde fram, sjå Figur 4. Endringa i befolkningssamansettinga gjer at både fylket og kommunane må tilpasse tenesteproduksjonen i tråd med desse endringane.




Figur 4 Folkemengd Møre og Romsdal 2021 og framskriv til 2030.

Møre og Romsdal sine demografiske utfordring framover er ein svakare folketalesvekst enn for landet sett under eitt, fleire menn enn kvinner, sentralisering der fleire bur i byar og tettstader og færre i små grender og bygder, ei sterk aldring i befolkninga og stadig færre i arbeidsfør alder per pensjonist.

Kartet i Figur 5 viser ei oversikt over kommunane i fylket etter sentralitet, medan kartet i Figur 6 viser folketalet i fylket etter bu- og arbeidsmarknadsregionar.



Figur 5 Kommunar i Møre og Romsdal etter sentralitet



Figur 6 Bu- og arbeidsmarknad i Møre og Romsdal

## 2.2.2 Sosial berekraft og levekår

Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Menneskerettane er det viktigaste utgangspunktet for dette.

Utdanning, anstendig arbeid, likestilling, kulturelt mangfald og eit godt helsetilbod er nokre av områda som er knytt til sosial berekraft. Sosiale forhold seier noko om korleis menneske har det i eit samfunn, om dei får oppfylt rettane sine, og om dei har moglegheit til å påverke eigne liv og samfunnet dei lever i.

Utanforskap i samfunnet blir ofte knytt til det å vere utanfor arbeidslivet. Arbeid er viktig for privatøkonomien, men arbeidsplassen er òg ein viktig sosial arena. Arbeidsløysa steig og var høg under covid-19 pandemien, men er no redusert. I juni 2022 var 1,5 prosent av arbeidsstyrken i fylket heilt ledig, det er lågare enn landsgjennomsnittet og lågaste talet sidan 2008.

Delen av innbyggjarane som står utanfor arbeidslivet som følgje av sjukdom har auka dei siste åra. I 2020 var 10,3 prosent av innbyggjarane i fylket uføretrygda mot 9,4 prosent i 2015. Dette er same nivå og utvikling som ein finn nasjonalt. Talet på uføre og unge uføre aukar. I aldersgruppa 18-24 år var det i 2015 1,1 prosent uføretrygda, dette har auka til 1,6 prosent i 2020. Same utvikling ser vi for aldersgruppa 25-34 år, der 2,4 prosent var uføretrygda i 2015 mot 3,8 prosent i 2020.

Rapporten «Ungt utanforskap i Møre og Romsdal<sup>12</sup>» anslår at knappe 2000 ungdommar mellom 16 og 25 år står utanfor utdanning og arbeid. Dette utgjer 6 % av ungdommane i denne aldersgruppa. Dette er på same nivå som resten av landet. Å førebygge fråfall frå skule og arbeid er viktig for å sikre sosial berekraft.

Unge menneske som står utanfor utdanning og arbeid kan fort føle seg marginaliserte. Det kan vere krevjande for den einskilde og kostbart for samfunnet om nokon føler seg utanfor. Utanforskap kan også vere ein av fleire vegar inn i radikaliserings og i verste fall føre til valdeleg ekstremisme.

Gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn og kvinner i fylket ligg under landsgjennomsnittet. Delen barn og unge under 18 år som bur i familiar med låg økonomi er aukande i Møre og Romsdal. I 2015 var det 12,4 prosent av barn og unge som levde i familiar med dårleg økonomi, dette hadde auka til 13,6 prosent i 2019. For heile landet var delen 14,9 prosent i 2015 og 15,8 prosent i 2019. I denne samanhengen er låg inntekt definert som dei som etter OECD-skala tener under 60 % av medianinntekta.

I Møre og Romsdal har 29,4 prosent av innbyggjarane høgskole- og/eller universitetsutdanning (2020). For kvinnene utgjer dette 35,1 prosent, medan det for

---

<sup>12</sup> Ungt utenforskap i Møre og Romsdal. Nordlandsforskning 9/2022

menn er 23,8 prosent som har høgare utdanning. Fylket ligg godt under landet når det gjeld utdanningsnivå sjølv om vi no opplev at mange fleire i fylket har høgare utdanning.

Dei aller fleste i Møre og Romsdal er nøgde med livet og lever i trygge omgjevnadar. I folkehelseundersøkinga som Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte i februar 2021 saman med FHI, vart respondentane spurde om dei følte seg trygge når dei var ute og gjekk i nærmiljøet. Respondentane svara på ein skala frå 0-10, der 10 var svært trygg og 0 ikkje trygg i det heile tatt. Så mange som 90,6 prosent av dei spurte svarte i kategoriane 8-10 og 62,5 prosent svart i kategori 10 at dei følte seg svært trygg.

Det er relativt lite kriminalitet i Møre og Romsdal, og fylket ligg langt under landsgjennomsnittet for melde lovbrøt. Når det gjeld typar lovbrøt, ser vi at det blir fleire seksuallovbrøt og lovbrøt som gjeld vald og mishandling. I Møre og Romsdal er det i 2020 38,3 lovbrøt per 1000 innbyggjar som er meldt til politiet, mot 56 for heile landet. Talet på personoffer som følgje av lovbrøt er òg lågast i Møre og Romsdal. I 2020 var det 16,4 personoffer per 1000 innbyggjar i saker meldt til politiet, til samanlikning var talet 24,7 for heile landet.

## 2.3 Næringsverksemd og industri

Møre og Romsdal har om lag 131 900 sysselsette som bur i fylket, og om lag 127 400 personar har arbeidsstaden sin i fylket. Dei offentlege tenestene som helse- og sosialtenester, undervisning og offentlig administrasjon utgjer om lag same del av sysselsettinga i fylket som på landsbasis (ca 35 prosent). Næringsstrukturen skil seg likevel frå det nasjonale gjennomsnittet. Sekundærnæringane saman med jordbruk, skogbruk og fiske utgjer ein høgare del av sysselsettinga enn det nasjonale gjennomsnittet, medan personleg tenesteyting og sørvisnæringar utgjer mindre.

Landbruksnæringa opplev nedgang i talet på bruk. Landbruk representerer likevel ei viktig næring som driv lokal matproduksjon, og i stigande grad, etter berekraftige prinsipp og bruk av ny teknologi.

Næringslivet i Møre og Romsdal er dominert av moglegheitene som havet har gitt oss, og fylket har til dømes høgaste fangstverdi av fisk i landet. Sekundærnæringane i Møre og Romsdal er industri i form av bygging av båtar og skip, utstyrsleverandørar til marin, maritim og olje- og gasssektoren. Mange bedrifter samarbeider med konkurrentar og andre aktørar både i og på tvers av verdikjedene. Bedriftene består av ein kombinasjon av lokale familieeigde bedrifter med langsiktige utviklingsmål, og eksternt eigde bedrifter med forretnings- og kunnskapskoplingar ut av regionen. Fylket har fleire og sterke klynger og klyngeprosjekt t.d. GCE Blue Maritime<sup>13</sup>, NCE Blue Legasea<sup>14</sup>, Norwegian Rooms<sup>15</sup> og NCE iKuben<sup>16</sup>.

---

<sup>13</sup> <https://www.blumaritimecluster.no/gce>

<sup>14</sup> <https://www.legasea.no/legasea>

<sup>15</sup> <https://www.norwegianrooms.no/>

<sup>16</sup> <https://ikuben.no/>

Møre og Romsdal har ein omfattande ferdigvareindustri og er tyngdepunkt for norsk møbelnæring. Rundt 40 prosent av sysselsette i norsk møbelindustri arbeider i fylket. Mange av bedriftene er hjørnesteinsbedrifter i sine lokalsamfunn. Mange av bedriftene sel også varer direkte til sluttbrukar og skil seg dermed frå mykje anna næringsliv i regionen som er basert på naturlege fortrinn og har bedrifter som sluttkunde. Fleire sterke merkevarer er knytt til næringa, som i aukande grad brukar digitale plattformer i sal og produksjon.

Den store utfordringa for næringslivet i fylket, både for sysselsetting og verdiskaping, er sårbarheita for konjunkturar som følgje av endringar i kronekurs eller oljepris<sup>17</sup>. Per sysselsette er det ingen andre fylke som eksporterer like mykje som Møre og Romsdal. Høgare kronekurs betyr lågare eksport og aktivitet. Det same gjeld oljeprisen, og erfaringar frå oljeprisfallet både i 2014 og under koronapandemien er at aktiviteten i næringslivet er svært kjenslevar for desse konjunkturane. For unge, og kanskje særleg lærlingar, kan inngangen til arbeidslivet vere særleg utfordrande i lågkonjunkturtider.

Ei anna utfordring, både for næringslivet og offentleg sektor, er tilgangen til kvalifisert arbeidskraft. Mange greier ikkje rekruttere personell med naudsynt kompetanse og situasjonen i Møre og Romsdal er meir kritisk enn i mange andre fylke viser NAV si bedriftsundersøking<sup>18</sup>. Under korona-pandemien vart det tydeleg at industrien og landbruket i fylket er svært avhengig av arbeidskraft frå utlandet.

### 2.3.1 Store anlegg

Møre og Romsdal har fleire store anlegg som er av stor betydning både nasjonalt og internasjonalt. Hydro Sunndal metallverk er Europa sitt største anlegg for produksjon av primæraluminium. Eksporten av gass frå Ormen Lange står for opptil 20 prosent av gassforbruket i Storbritannia. Equinor sin metanolfabrikk på Tjeldbergodden er det største i Europa. Desse anlegga er viktige i eit reint næringsperspektiv i fylket. Samtidig er forsyningstryggleiken til anlegga viktig nasjonalt og internasjonalt.

Petroleumsnæringa har stor baseverksemd i og rundt Kristiansund, og det er eit stort innslag av oljeservicebedrifter fordelt over heile fylket.


Av omsyn til tryggleik er ikkje oversikter over storulykkeverksemdar offentleg tilgjengeleg i Noreg.

Kartet i Figur 7 syner næringsstrukturen i Møre og Romsdal. Dei største anlegga er merka i kartet.

---

<sup>17</sup> SpareBank 1, SMN. Konjunkturbarometer for Trøndelag og Møre og Romsdal. <https://www.sparebank1.no/nb/smn/bedrift/konjunkturbarometer.html>

<sup>18</sup> Sjå t.d. <https://www.nav.no/no/lokalt/more-og-romsdal/statistikk-og-analyse/statistikk-og-analyse/ukentlig-statistikk-over-arbeidsledige>



Figur 7 Næringsstruktur i Møre og Romsdal

### 2.3.2 Forsking- og høgare utdanningsinstitusjonar

Møre og Romsdal har regionale FoU-miljø ved høgskulane i Volda, Molde og Kristiansund, NTNU i Ålesund og Møreforskning (Ålesund og Molde), NORSØK (Tingvoll) og Runde Miljøsentra. Også dei større nasjonale FoU-miljøa, Nofima (Sunndal), SINTEF (Ålesund, Molde), SINTEF Norlab (fire lokasjonar) og NIBIO er etablert i fylket.

Campusane tilknytt NTNU og høgskulane er viktige knutepunkt for forskning, innovasjon og entreprenørskap. Her finst forskings- og utdanningsinstitusjonar, innovasjonsbedrifter og inkubatorar. Det typiske for forskings- og utviklingsmiljøa (FoU) i regionen er at dei har tette relasjonar til næringsliv og offentleg sektor. Eit unikt fortrinn for Møre og Romsdal er at aktørane på campus har tett samarbeid, og dei koplær erfaringsbasert og ny kunnskap.

Høgskulen i Molde hadde i 2020 2 448 studentar og NTNU Ålesund hadde 2 477 studentar. Høgskulen i Volda har flest studentar med 4 415 studentar i 2020.

### 2.3.3 Reiseliv og større kulturarrangement

Møre og Romsdal har eit mangfaldig reise- og kulturtilbod med mange besøkande særleg i sommarsesongen. Fleire reiselivsaktørar orienterer seg i stadig større grad mot heilårstilbod. I fylket ligger nokre av dei mest populære reiselivsattraksjonar i Noreg; som til dømes Geirangerfjorden, Trollstigen og Atlanterhavsvegen. Andre attraksjonar som trekk til seg mange vitjande er Fjellstova, Brosundet og Atlanterhavsparken i Ålesund, Varden i Molde, Trollveggen i Rauma, Trollkyrkja i Hustadvika og Mardalsfossen i Eikesdalen.



Møre og Romsdal et eit tur- og friluftlivsfylke med fokus på naturbasert turisme. Fjellturar som Romsdalseggen og Rampestreken, Sukkertoppen, Slogen og Midsundtrappane blir oppdaga av stadig fleire. Innerdalen og Trollheimen er mykje brukte turområde som har eit stort utval av turisthytter.

Møre og Romsdal har eit kulturliv og kulturtilbod på høgt nasjonalt nivå, innan alt frå opera, jazz og popmusikk til litteratur og teaterscene. Institusjonane er små, men viktige; Moldejazz, Teatret Vårt, Operaen i Kristiansund, Møre og Romsdal kunstsenter, Viti (samling av Jugendstilsenteret og KUBE i Ålesund og musea på Sunnmøre), Atlanterhavsparken, Nynorsk kultursentrum – Aasentunet, Nordmøre museum og Romsdalsmuseet.

Fylket har fleire større festivalar, som Moldejazz, Bjørnsonfestivalen i Molde, Jugendfest i Ålesund, Operafestukene, Nordic Light og Tahiti-festivalen i Kristiansund, Raumarock på Åndalsnes, Sommerfesten på Giske og Dei Nynorske Festspela i Ørsta/Volda.

Fylket har også mange spel. Dei største er Fru Guri av Edøy (Smøla), Giskespelet, Sinclairspelet (Rauma) og Lady Arbuthnott (Sunndal).

Møre og Romsdal har dei siste ti åra hatt to-tre lag med i fotballen sin eliteserie for menn. På Aker stadion (Molde) er det kapasitet til 11 800 tilskodarar, på Colorline stadion (Ålesund) er det plass til 10 778 og Kristiansund stadion kan ta imot opp til 4 444 tilskodarar.


## 2.4 Kulturelle verdier, natur og miljø

Miljøfylket Møre og Romsdal har mange rike natur- og kulturverdier.

### 2.4.1 Landskap

Møre og Romsdal er eit svært variert fylke som består av fleire ulike landskapsregionar. Frå kystbygdene ute ved havet vest, over fjordbygdene og lågfjellet til høgfjellet og dal- og fjellbygdene i grensa mot aust. Desse landskapa gir eit stort mangfald, både med omsyn til natur- og kulturverdier.

## LANDSKAPSREGIONAR I MØRE OG ROMSDAL



Figur 8 Landskapstypar i Møre og Romsdal [ref]

På 1990-talet blei det gjort eit større arbeid med Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap<sup>19</sup>. Desse registreringane omfatta både biologiske verdiar og kulturhistoriske verdiar, og blei gjort med tanke på å danne grunnlag for prioritering av offentlig innsats og å stimulere støtte til forvaltningstiltak.

I 2005 blei Geiranger innlemma i verdsarvlista til UNESCO som det første og hittil einaste landskapet i vårt fylke. Fjorden er kjent for urørt natur og imponerende fossefall, men også for mange fjord- og hyllegardar.


I 2009 blei Øvre Sunndal valt ut som det første utvalde kulturlandskapet i landbruket (UKL) i fylket. Utvalde kulturlandskap i landbruket skal saman vise mangfaldet av særpreget til ulike typar jordbrukslandskap i landet. Målet er å stimulere til at dei som

<sup>19</sup> Sjå <https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/dataset/Details/40>

bur der kan ta vare på naturmangfald, kulturhistorie og jordbruksdrift gjennom tradisjonelle bruksmåtar og levande bygder. I 2017 og 2018 blei lista utvida med Alnes i Giske kommune, og Hjørundfjorden og Norangsdalen i Ørsta og Volda kommunar.

Dei siste åra er det gjort ny kartlegging av Kulturhistoriske landskap av nasjonal og regional verdi<sup>20</sup> (KULA). Dette arbeidet vert ferdig i 2022. Lista omfattar tolv område. Den bygger i stor grad på tidlegare registreringar, og peikar på ulike konkrete trugslar og sårbarheiter med omsyn til forvaltninga av desse områda.

### Kulturhistoriske landskap av nasjonal og regional verdi (KULA)



Figur 9 Kulturhistoriske landskap av nasjonal og regional verdi (KULA)

#### 2.4.2 Særleg viktige kulturminne og -miljø

Det er totalt registrert nærmare 10 000 kulturminne i kulturminnedatabasen Askeladden<sup>21</sup>. Dei aller fleste av desse (ca. 7700) er arkeologiske kulturminne, medan resten er samansett av bygningar, byggverk og anna infrastruktur.

<sup>20</sup> Sjå <https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

<sup>21</sup> Sjå <https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2faskeladden%2f>

Kulturminna har ulik vernestatus og verneverdi. Dei arkeologiske kulturminna (eldre enn 1537) er automatisk freda, medan ei rekkje yngre kulturminne er freda etter vedtak eller forskrift. Ein del kulturminne er også verna etter plan- og bygningslova.

Ikkje alle kulturminna har formelt vern, men er likevel gitt verneverdi. Uavhengig av status er det gjerne skilt mellom kulturminne og kulturmiljø av nasjonal, regional og lokal verdi.

NBI-registeret er ei nasjonal kartlegging av kulturmiljø av nasjonal interesse i byar og tettstadar. Til no har kartlegginga hatt fokus på dei tre største byane – Ålesund, Molde og Kristiansund – men det er venta å komme ein revisjon der også mindre byar, tettstadar og tettbygde miljø kan verte inkludert.




Figur 10 Regional delplan, Møre og Romsdal

I 2016 blei det vedteke Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal. Delplanen gjekk gjennom alle kjende vernelister og laga ei samla liste over alle kulturminne frå nyare tid av regional og nasjonal verdi, samt eit utval av dei mest verdifulle arkeologiske kulturminna.

Sidan 2011 har det vore ei stor satsing på å få kommunane til å vedta eigne planer over kulturminne av lokal verdi. Dei fleste kommunane har ein slik plan, eller arbeider med dette.

## STATUS KULTURMINNEPLANAR



Figur 11 Status kulturminneplanar, Møre og Romsdal


### 2.4.3 Trugslar for natur og kulturarv

Det finst globale og nasjonale tendensar som utgjer trugsel mot natur- og kulturverdiar i fylket. Av større og generell karakter (utover den enkelte utbyggingssak) kan vi trekke fram klimautfordringar og demografiske utfordringar.

## 2.4.4 Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion<sup>22</sup> vart vedteken av fylkestinget i desember 2021 og gjeld for åra 2022 – 2027. Planen gir ei enkel og oversiktleg framstilling av vassressursane i vassregionen, miljøtilstanden og kva som trugar vassførekomstane, og korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet i eit langsiktig perspektiv.


Målet med arbeidet er minst «God tilstand» i dei fleste vassførekomstane som Figur 12 illustrerer. Det er behov for tiltak for å nå miljømålet om «god tilstand» dersom miljøtilstanden for den enkelte vassførekomsten er moderat eller lågare. Samtidig er det viktig å unngå aktivitet som forverrar miljøtilstanden.



Figur 12 Miljømål i ein vassførekomst

Møre og Romsdal vassregion følgjer i stor grad fylkesgrensene, men omfattar mindre areal av tidlegare Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Oppland fylker. Vassregionen er delt inn i fem vassområdar; Nordre Nordmøre, Søre Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre, som vist i Figur 13. Inndelinga er gjort med utgangspunkt i nedbørsfelt. Vassregionen kjenneteiknast av geografi og topografi som strekk seg frå høge fjell til fjord og kystlandskap. Den store variasjonen gjev mange ulike påverknadar på vatnet i vassregionen.

<sup>22</sup> Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion, 2022 – 2027.




Figur 13 Kart over Møre og Romsdal vassregion med vassområde

Totalt er det registrert 2447 vassførekomstar i regionen. Vassførekomstane fordeler seg som i vist i Tabell 1 . (SMVF= Sterkt modifiserte vassførekomstar med mindre strenge miljømål.)

Tabell 1 Oversikt over vassførekomstane i regionen Møre og Romsdal

Oversikt over vannførekomstene i regionen i Møre og Romsdal			
Type vannførekomst	Antall vannførekomster	Av disse; Antall SMVF*	Areal/lengde
Kystvann	232	0	7057,361 km <sup>2</sup>
Grunnvann	118	0	299,530 km <sup>2</sup>
Innsjøer	407	70	399,497 km <sup>2</sup>
Elver og bekkefelt	1690	176	23653,972 km
<b>Antall totalt</b>	<b>2447</b>	<b>246</b>	

Figur 14 syner at i dei naturlege vassførekomstane har 6 % svært god miljøtilstand og 77,2% har god. 1,7% har svært dårleg tilstand.




Figur 14 Økologisk tilstand, naturlige vassførekomstar i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal vassregion har vi om lag 350 vassførekomstar som står i risiko for ikkje å oppnå god miljøtilstand innan 2027. Det som påverkar flest vassførekomstar er vasskraft, fiskeri og havbruk, jordbruk, avløpsvatn og urban utvikling. Korleis påverkingar med stor og middels grad er fordelt på sektor i vassområda er vist i Tabell 2.

Tabell 2 Påverking med stor/middels grad per sektor i vassområda i Møre og Romsdal

Påvirkinger med stor/middels grad per sektor i vannområdene i Møre og Romsdal					
Navn	1	2	3	4	5
Romsdal	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Avløpsvann	Introduserte arter og sykdommer
Søre Nordmøre	Vannkraft	Avløpsvann	Jordbruk	Industri	Introduserte arter og sykdommer
Søre Sunnmøre	Vannkraft	Fiskeri og akvakultur	Flomvern	Jordbruk	Avløpsvann
Nordre Sunnmøre	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Urban utvikling	Flomvern
Nordre Nordmøre	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Introduserte arter og sykdommer	Annen eller ukjent

For å forbetre tilstanden i vassførekomstane er det behov for å gjennomføre tiltak. Til saman er det planlagt over 700 tiltak i planperioden<sup>22</sup>, vist i Figur 15. Miljøforbetrande tiltak inkluderer alt frå fjerning av vandringshinder for fisk, betre reinsing av avløp, verne kantsoner langs vassdrag og innføring av minstevassføring i kraftpåverka vassdrag. Førebelse investeringskostnader er vurdert til over 950 millionar kroner.



Figur 15 Tiltak på verkemiddeleigar i Møre og Romsdal



## 3 Kritiske samfunnsfunksjonar

Dette kapitelet skildrar kritiske og viktig samfunnsfunksjonar under 'styringsevne', 'tryggleiken til innbyggjarane' og 'samfunnet sin funksjonalitet'.

### 3.1 Styringsevne (og suverenitet)

Dette omhandlar funksjonar som utgjer grunnleggjande rammevilkår for å ivareta andre samfunnsfunksjonar. Slik som å oppretthalde territorial og styringsmessig integritet, kontinuitet i styringsaktiviteter og overordna evne til å møte ekstraordinære situasjonar.

#### 3.1.1 Styring og kriseleiing

Samfunnsfunksjonen styring og kriseleiing er knytt til styringa av samfunnet og av den offentlege forvaltinga, både i statleg og kommunal sektor. I funksjonen inngår evna til å oppretthalde autonomi og naudsynt handlefridom, vern mot fysiske og digitale angrep og vern av verksemd under ulike former for påkjenningar. I tillegg inngår styring og leiing i ekstraordinære situasjonar. Styring og kriseleiing er grunnleggjande for nasjonal tryggleik og naudsynt for å gjennomføre viktige samfunnsoppgåver.

Beredskapsarbeidet i Noreg er basert på ansvars-, nærleiks-, likskaps- og samvirkeprinsippet. Det eksisterer regionale og lokale system for krisehandtering og kriseleiing når det skjer ekstraordinære hendingar i Møre og Romsdal.

Statsforvaltaren har eit regionalt samordningsansvar for handtering av uønskte hendingar som ikkje er definert som redningsteneste og som går ut over det ein kommune eller organisasjon kan handtere med eigne ressursar. Statsforvaltaren har ansvar for å varsle kommunar og regionale etatar om viktig informasjon, skaffe oversikt over situasjonen i fylket og lage situasjonsrapportar om status i Møre og Romsdal til bruk for direktorat og departement. Det er eitt viktig unntak; akutt ureining. I utgangspunktet er det den som forureinar som skal rydde opp. Interkommunale utvala for akutt ureining (IUA) og Kystverket har ansvar for å aksjonere og koordinere situasjonen dersom konsekvensane vert større enn forureinar kan handtere.

Når det er behov for å samordne beredskapen på tvers av etatane i Møre og Romsdal skjer dette i Fylkesberedskapsrådet under leiing av statsforvaltaren. Her sitt leiararar i regionale statsetatar, eigarar av kritisk infrastruktur og frivillige organisasjonar.

#### 3.1.2 Forsvar

Heimevernet (HV) utgjer hovuddelen av Noreg sitt førstelindeforsvar, og er nasjonal beredskaps- og innsatsstyrke med 40 000 soldatar fordelt på elleve HV-distrikt. Distrikta har territorialt ansvar for beskyttelse av viktige militære og sivile installasjonar. HV-soldatar kan stille opp på kort varsel når Forsvaret og det sivile samfunnet trenger det.

HV kan støtte sivile mynde ved naturkatastrofar, leiteaksjonar og ulukker. Godt trende innsatsstyrker kan få ordre om å løyse ekstraordinære oppdrag.

Heimevernets distriktssjefar ivaretek lokalt territorielt ansvar (LTA) på vegne av sjef Forsvaret sitt operative hovudkvarter (FOH). Dette inneber mellom anna å:

- gjennomføre overvaking og kontroll for å byggje situasjonsbilete på land og i kystsona
- sikre framføringsaksar, forsyningsaksar, logistikkbasar
- beskytte egne eller allierte styrker
- etablere mottak av allierte styrker

Møre og Fjordane Heimevernsdistrikt 11 (HV-11) har territorielt militært ansvar i Møre og Romsdal og nordlege deler av Vestland fylke ned til Sognefjorden.

### 3.1.3 Totalforsvaret

Tanken med totalforsvaret er at samfunnet sin grunnleggjande krisehandteringsevne og Forsvaret sin kapasitet saman utgjør den motstandskrafta som er naudsynt for å kunne møte alle slags truslar mot det norske samfunnet. Omgrepet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebygge, planlegge, og handtere kriser i fred, tryggleikpolitiske kriser, væpna konflikt og krig.

For at Noreg skal fungere best mogleg i krise eller krigssituasjon er det viktig at samfunnet fungerer, eller byrjar å fungere så raskt som mogleg om funksjonar er satt ut av kraft. Dette dannar fundamentet i totalforsvarskonseptet og er også viktig for vår evne til å gje vertslandsstøtte.

Vertslandsstøtte er definert som ein del av Forsvaret sin operative verksemd, og som ein viktig faktor for å understøtte den allierte tryggleiksgarantien gitt gjennom NATO artikkel 5<sup>23</sup>. Det går kort ut på å oppretthalde eit fungerande samfunn så lenge som mogleg i ei krise. NATO har definert følgjande sju punkter<sup>24</sup> som ein vertsnasjon må sikre ved alliert støtte:

- Sikre kontinuitet for styresmaktene og kritiske offentlege tenester
- Sikre robust kraftforsyning
- Sikre evna til å handtere ukontrollert flytting av menneske
- Sikre robust mat- og vassforsyning
- Sikre evna til å handtere masseskadesituasjonar
- Sikre robuste sivile kommunikasjonssystem
- Sikre robuste transportsystem

---

<sup>23</sup> The North Atlantic Treaty. [https://www.nato.int/cps/en/natohq/official\\_texts\\_17120.htm](https://www.nato.int/cps/en/natohq/official_texts_17120.htm)

<sup>24</sup> NATO Seven Baseline Requirements. Disse samsvarar i stor grad med det som er definert som 'grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) i Noreg. Sjå t.d. [https://www.nato.int/cps/en/natohq/topics\\_132722.htm](https://www.nato.int/cps/en/natohq/topics_132722.htm).

## 3.2 Tryggleiken til innbyggjarane

### 3.2.1 Lov og orden

#### 3.2.1.1 *Rettstryggleik*

Tingretten er domstolen si første instans. Kvar tingrett har sitt område, kalla domssokn, og femner om ein eller fleire kommunar.

Det er seks lagmannsrettar i Noreg. Dei dekkjer kvar sin geografisk avgrensa rettskrins, kalla lagdøme. Lagmannsretten blir leidd av ein førstelagmann og har fleire lagdommarar. Møre og Romsdal og Trøndelag høyrer til lagdøme Frostating lagmannsrett. Alle anker av rettsavgjerder som ankast frå tingretten i Møre og Romsdal går til Frostating lagmannsrett.

Høgsterett er den øvste domstolen i landet og ankeinstans for dommar frå alle domstolar på lågare nivå. Det er berre éin Høgsterett, og domstolen held til i Oslo.

Det er ein domstol og fire rettsstader i Møre og Romsdal. Domstolen heiter Møre og Romsdal tingrett. Det er rettsstader i Kristiansund, Molde, Volda og Ålesund.

#### 3.2.1.2 *Motverke kriminalitet, etterforskning og føring for retten, ro og orden*

Møre og Romsdal politidistrikt har ansvaret for polititenesta i Møre og Romsdal fylke. I tillegg har politidistriktet ansvaret for kontinentalsokkelberedskap i området frå 62° N til 65° 30' N. Møre og Romsdal politidistrikt har 600 tilsette fordelt på 15 lensmannskontor og tre politistasjonar (Ålesund, Molde og Kristiansund). Politidistriktet er delt inn i to geografiske driftseiningar; Sunnmøre og Nordmøre & Romsdal.

#### *Politiråd*

Politiråd er formalisert samarbeid mellom lokalt politi og øvste leiing i kommunen. Målet med råda er kriminalitetsførebygging og trygge lokalsamfunn. Politirådet er eit strategiske organ for lokal kriminalitetsførebyggjande arbeid, og rådet skal sikre utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune. Det er tilrådd at kvart politiråd utarbeider ein strategi og avklarar ansvar for korleis uro knytt til radikaliserings i lokalsamfunnet skal handterast.

#### *Førebyggjande arbeid*

Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) skal styrkje samarbeidet mellom ulike etatar og tenester i det førebyggjande arbeidet mot barn og unge. Om lag halvparten av kommunane i Noreg nyttar SLT. Fleire kommunar har gode erfaringar med å arbeide førebyggjande mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme innanfor dette samarbeidet. Følgjande kommunar i Møre og Romsdal nyttar SLT-modellen: Sunndal, Molde, Aukra, Ulstein, Hareid.

#### 3.2.1.3 *Grensekontroll*

Tolletaten og Politiet sikrar grensekontroll av personar og varer. Møre og Romsdal grenser ikkje direkte mot andre land, men har yttergrense mot sjøen. I tillegg har vi tre lufthamner med trafikk til utlandet. Tolletaten er delt inn i seks geografiske område.

Møre og Romsdal, Rogaland og Vestland høyrer til tollregion Vest. Bergen er regiontollstad. Den einaste tollstaden i fylket ligg i Ålesund.

#### 3.2.1.4 *Fengsels- og institusjonstryggleik*

Kriminalomsorga skal gjennomføre varetektsfengsling og straffereaksjonar på ein måte som er tillitvekkjande for samfunnet og som motverkar strafflagde handlingar. Det skal leggjast til rette for at lovbrytarar kan gjere ein eigeninnsats for å endre kriminelle handlingsmønster.

Kriminalomsorga i Noreg er delt inn i fem regionar. Region Vest består av Vestland og Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har to fengsel. Hustad fengsel ligg i Hustadvika kommune, og er ei eining med høg og lågare tryggleik. Fengselet har ordinær kapasitet på 60 plassar, 28 plassar på høg tryggleik og 32 plassar på lågare tryggleik.

Ålesund fengsel ligg i Ålesund kommune og er ei eining med høgt tryggleiksnivå. Fengselet har ordinær kapasitet på 27 plassar.

### 3.2.2 Helse og omsorg

I 2020 var det i Møre og Romsdal 18 842 heimebuande som fekk helse- og omsorgstenestertjenester, dette omfattar 7,1 % av innbyggjarane. Av desse har 3 832 omfattande bistandsbehov.

5 504 fekk institusjonstenester i 2020 (2,1 % av innbyggjarane). Av desse var det 3 288 med omfattande bistandsbehov. Det er 3 460 som har kommunal bustad (1,3 % av innbyggjarane). Av desse har 1 556 omfattande bistandsbehov.

Ansvar til kommunen omfattar alle pasient- og brukargrupper, og det er store variasjonar i organiseringa av dei kommunale helse- og omsorgstenestene i fylket. Alle skal likevel få likeverdige helse- og omsorgstenester av god kvalitet uavhengig av kor dei bur.

Kommunane har inngått samarbeidsavtale med regionale helseføretak. Det er etablert helsefellesskap mellom kommunar og sjukehus med føremål å skape meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester. Helsefellesskap skal sikre at kommunar og spesialisthelsetenesta arbeider som likeverdige partar og har avklarte overgangar og godt samarbeid.

#### 3.2.2.1 *Folkehelse*

Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel til innbyggjarane. Folkehelsearbeidet har som føremål å verne liv og helse ved å førebyggje sjukdom og skade hos folk. Folkehelsearbeidet omfattar mellom anna smittevern, miljøretta helsevern og mattryggleik. Folkehelse er eit ansvar i alle sektorar, ikkje berre i helsesektoren, og på alle forvaltningsnivå, dvs. kommunar, fylkeskommunar og statlege mynde.

Psykisk helse inngår som ein del av folkehelsearbeidet. Folkehelsepolitikken må derfor ha merksemd på faktorar som påverkar psykisk helse. Dette gjeld levekår, barnehage,

skule og skulemiljø, arbeid og arbeidsmiljø, frivillig deltaking og forhold i nærmiljøet. Gode oppvekst- og læringsmiljø står sentralt når det gjeld å førebyggje psykiske problem blant barn og unge

### 3.2.2.2 Kommunale helse-, omsorg- og sosiale tenester

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene er i kontinuerleg utvikling. Gode tenester i framtida krev at kommunen tar i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Kommunane har over tid fått nye oppgåver samtidig som det er tilvekst av nye brukargrupper med behov for fysisk, psykisk og sosial omsorg, støtte og bistand. Det er mange kommunale helse- og omsorgstenester som er gode kvar for seg, men tenestene er fragmenterte og manglar heilskap. Det råkar særleg dei med samansette behov. Koordinerande eining i kommunar skal bidra til å sikre heilskapleg og koordinerte tilbod til pasientar og brukarar med behov for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar.

Det er ei forskyving av oppgåvene frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Stadig meir komplekse medisinske behandlingar ytast i dei kommunale tenestene. Det er derfor aukande behov for meir tverrfagleg og avansert kompetanse i tenestene. Samtidig er det ei dreining frå tradisjonelle institusjonstenester til heimebaserte tenester.

Kvar kommune skal med heimel i helse- og omsorgstenestelova<sup>25</sup> ha minst ein kommune(over)lege (KOL). KOL er kommunen sin medisinskfaglege rådgjevar. Per no har alle kommunar i fylket ein kommuneoverlege, men hos nokre er denne berre ei 20 % stilling. Det er få samarbeidsavtaler for vakt eller ved fråvær av KOL. Alle kommunane er tilknytt ei legevaktordning, og fleire kommunar har inngått samarbeidsavtaler rundt ordninga.

Kapasiteten i fastlegeordninga er under press. Fleire kommunar har underdekning av fastlegar og låg eller ingen ledige plassar på opne fastlegelister. Døme på tiltak frå Handlingsplanen for allmennlegetenesten (2020-2024) er ordninga ALIS (allmennlege i spesialisering) og auka rettleiing som rekrutteringstiltak inn i kommunale fastlegestillingar. Dette i tillegg til å auke talet på LIS1-stillingar (Legar i spesialisering) frå hausten 2022.

Kommunane har store utfordringar med å rekruttere og behalde helsepersonell. Mange kommunar har låg del faglærde og høg del personell på 55 år og eldre. Det er låg del heiltidstilsette og heiltidsstillingar i helse og omsorg hos kommunane i Møre og Romsdal. Ingen av kommunane har over 50 prosent heiltidsstillingar. Kommunane må arbeide aktivt med heiltidskultur for å sikre kontinuitet, kvalitet og pasienttryggleik i helsetenestene.

Å sikre berekraftige tenester framover krev nye arbeidsmetodar der breidde i kompetanse, tverrfagleg lagarbeid, koordinering og bruk av velferdsteknologi blir viktig. Velferdsteknologi inneber eit breitt spekter av teknologiske løysingar. I Møre og Romsdal er det om lag 6000 brukarar som nyttar velferdsteknologi. Tenesteinnovasjon og

---

<sup>25</sup> Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven). LOV-2011-06-24-30, §5-5. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

implementering av teknologi inneber endring i det daglege arbeidet, og med endringar følger gjerne risiko og etiske utfordringar. Bruk av elektronisk pasientjournal, medisinsk utstyr og velferdsteknologi gjer til dømes at svikt i kritisk infrastruktur som straum-, tele- og IKT-system kan få store konsekvensar.

I Møre og Romsdal er det 21 NAV-kontor som leverer tenester til 26 kommunar. NAV skal bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremje overgang til arbeid og aktivitet. Gjennom ein avtale har kommune og NAV blitt samde om kva slags kommunale tenester kontoret skal tilby. Tenesteinnhaldet i eit NAV-kontor vil difor variere frå kommune til kommune. NAV leverer både statlege og kommunale tenester.

Statsforvaltaren er staten sin representant i fylket, og skal underbygge partnarskapet mellom stat og kommune i NAV. Statsforvaltaren gjev opplæring i Lov om sosiale tenester, og gjev råd og rettleiing til lokale NAV-kontor. Statsforvaltaren fører tilsyn med dei sosiale tenestene i NAV-kontora på oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Dei sosiale tenestene er det siste tryggleiksnettet i samfunnet. Under den langvarig perioden med pandemi og smitte har dei sosiale tenestene til dei mest sårbare blitt utsett for fare for svikt ved redusert/ingen opningstid ved lokale NAV-kontor.

### 3.2.2.3 *Spesialisthelsetenester*

Spesialisthelsetenesta i Noreg er organisert i regionale helseføretak underlagd Helse- og omsorgsdepartementet, og er delt inn i fire regionar. Helse Midt-Noreg RHF (regionalt helseføretak) eig og driv sjukehusa i Trøndelag og Møre og Romsdal gjennom fire helseføretak (HF). I vårt fylke er det totalt ni sjukehus, fire sjukeapotek og fire rusbehandlingsinstitusjonar.

Helse Møre og Romsdal HF (HMR) har om lag 6 400 tilsette og leverer tenester til dei om lag 265 000 innbyggjarane i Møre og Romsdal. Verksemda er fordelt mellom Volda sjukehus, Ålesund sjukehus, Molde sjukehus, Kristiansund sjukehus og fleire mindre institusjonar. Spesialisthelsetenester omfattar mellom anna sjukehus, medisinsk naudmeldeteneste og ambulanseteneste. For å sikre forsvarlege tenester ved kriser skal helseføretaka ha tilfredsstillande tryggleik for forsyning av viktig materiell og legemiddel, og beredskap for forsyningssvikt.

### 3.2.2.4 *Helsetransport*

Helse Møre og Romsdal har ansvar for 31 ambulansestasjonar med 39 ambulansetillar i døgnberedskap og fem ambulansetillar (plassert i Sande, Haramsøy, Harøy, Aukra og Smøla). Desse reduserast til tre batar når Nordøyvegen er komplett.

Ambulansefly i Møre og Romsdal er stasjonert ved Ålesund lufthamn Vigra. Ambulansehelikopter er stasjonert ved Ålesund sjukehus.

### 3.2.2.5 *Beredskapslagring av legemiddel*

Beredskapslager av legemiddel er eitt av fleire verkemiddel for å dempe mangelsituasjonar. Mangel på legemiddel kan oppstå ved endring i sjukdomsbiletet, produksjons- eller kvalitetsproblem, råvaremangel, auka etterspurnad, vanskar med distribusjon osv.

Det er to forsyningslinjer for legemiddel: ein for primærhelsetenester og ein for spesialisthelsetenester. Nasjonalt beredskapslager dekker behov for viktige og kritiske legemidlar for inntil 180 dagar (seks månadar).

Lokalt i vårt fylke finst mindre beredskapslager integrert i salslager til dei fire lokasjonane til Sjukehusapotek HF (ved kvart sjukehus).

Legemiddelberedskap ut over det som finst lokalt hos sjukehusapotek i regionen vert dekt gjennom RHF sine grossistavtalar og sikrar ekstra legemiddelberedskap på inntil 90 dagar for spesialisthelsetenestene. I tillegg til dette er det etablert nasjonalt lager som skal sikre behov for kritiske legemidlar for primærhelsetenestene på inntil 180 dagar.

Beredskapslager som dekker behovet til primærhelsetenestene er organisert via avtale med tre etablerte legemiddelgrossistar, og skal dekke minst to månader av den ordinære omsetninga. Dette kjem i tillegg til nasjonalt beredskapslager for legemiddel.

Dei fire regionale sjukehusapoteka har nært samarbeid om førebygging og handtering av legemiddelmangel gjennom Nasjonalt senter for legemiddelmangel og legemiddelberedskap i spesialisthelsetenesta (Mangelsenteret) ved Oslo Universitetssjukehus.

Når det gjelder vaksineberedskap har Folkehelseinstituttet (FHI) ansvar for å sikre vaksineforsyning og vaksineberedskap i samsvar med smittevernlova (1995). FHI har rullerande beredskapslager tilsvarande seks månader normalforbruk av vaksiner lokalisert hos ein legemiddelgrossist.

Tiltak ved mangel på legemiddel er rasjonering og prioritering på pasientnivå hos helseføretaka, skifte til anna legemiddel med tilsvarande verknad, eller importere legemiddel utan norsk løyve. Statens legemiddelverk gir råd om bytte/erstatning av legemiddel.

### 3.2.3 Redningsteneste

Redningsteneste er offentleg organisert augeblikkeleg innsats frå fleire samvirkepartnarar for å redde menneske frå død eller skade som følgje av akutte ulykke- eller faresituasjonar, og som ikkje blir ivaretatt av særskilt oppretta organ. Redningsberedskap er evna til omgåande innsats for å redde menneske frå død eller skade som følgje av akutte ulykke- eller faresituasjonar<sup>1</sup>.

Redningstenesta er eit samvirke mellom offentlege organ, frivillige organisasjonar og private verksemder. Beredskapsarbeidet i Noreg er basert på ansvars-, nærleiks-, likskaps- og samvirkeprinsippet. Alle offentlege organ som har kapasitet, informasjon eller kompetanse eigna for redningsføre mål pliktar å bidra i redningstenesta med tilgjengeleg kapasitet.

Til naudetatane reknar vi vanlegvis politi, ambulanse og brann- og redningsvesen med naudalarmsentralane. Møre og Romsdal 110-sentral KF dekker alle kommunane i fylket, og har det regionale ansvaret for mottak av naudmelding om brann, redning og akutt

ureining. Møre og Romsdal fylke er eitt politidistrikt, og har ein operasjonssentral som ligg i Ålesund samlokalisert med 110-sentralen.

### 3.2.3.1 Hovudredningssentral og lokal redningssentral

Ved større hendingar der liv og helse er truga har Hovudredningssentralen (HRS) eller Lokal redningssentral (LRS) overordna leiing og koordinerer innsatsen. Normalt leiar og koordinerer HRS alle sjø- og luftredningsaksjonar. Hovudredningssentralen for Sør-Noreg (HRS-S) er leia av politimeister i Sør-Vest politidistrikt og er lokalisert i Stavanger. Hovudredningssentralen for Nord-Noreg ligg i Bodø og er leia av politimeister i Nordland politidistrikt.

Landredning blir ofte delegert til Lokal Rednings Sentral (LRS). LRS i Møre og Romsdal blir normalt drifta av operasjonssentralen i politidistriktet og er underlagt HRS-S<sup>26</sup>. Ved hendingar der politiet har primæransvar vil andre samvirkeaktørar støtte politiet. Politiet deltek òg ofte i handteringa av uønskte og/eller ekstraordinære hendingar der anna mynde har primæransvaret.<sup>27</sup>

#### *Redningsleiinga i Møre og Romsdal (2021):*

Lokalredningssentral (LRS) består av lokal redningsleiing samansett av dei viktigaste samvirkepartnarane innan landredning<sup>28</sup> og blir leia av Politiet i Møre og Romsdal ved politimestaren. Følgande aktørar er representert i LRS:

- Avinor
- Brann- og redningsteneste
- Den norske kyrkje
- Frivillige Organisasjonars Redningsfaglege Forum (FORF)
- Hamnevesen
- Helsedirektoratet (delegert til helseføretaket)
- HV-11
- Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon (KBO)
- Representant frå Kystverket
- Sivilforsvaret
- Statsforvaltar
- (Fleire aktørar kan få tilbod om å delta om det er føremålstenleg)

---

<sup>26</sup> Organisasjonsplan for redningstjenesten, FOR-2019-12-06-1740.

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2019-12-06-1740>

<sup>27</sup> Lov om politiet. LOV-1995-08-04-53. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53>

<sup>28</sup> Mandat for redningsledelsene ved lokale redningssentral (LRS), fastsatt i kgl.res. 6.des 2019. Sjå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mandat-for-redningsledelsene-ved-lokale-redningssentraler/id2460500/>



Godt samarbeid mellom politi og andre beredskapsaktørar er ein viktig føresetnad for samfunnet si samla evne til å handtere eit bredt spekter av hendingar. Samarbeidet skjer på fleire nivå, mellom anna i Fylkesberedskapsrådet og Øvingsutvalet.

### 3.2.3.2 Helse

Dei akuttmedisinske tenestene utanfor sjukehus er akuttmedisinsk kommunikasjonsentral (AMK), kommunal legevakt og ambulansetenesta. AMK er ein viktig del av den medisinske naudmeldingstenesta og tek i mot meldingar frå andre naudetatar. Ut frå meldinga styrar og følgjer dei opp ambulanseoppdrag. Brannmannskap i fylket har grunnleggjande opplæring i førstehjelp, og er ofte først på ein ulykkesstad. AMK-sentralen i fylket ligg i Ålesund.

### 3.2.3.3 Brann- og redningsvesen

I motsetnad til politi og helsevesen er brannvesenet eit kommunalt ansvar. Brann- og redningsvesenet har som hovudoppgåve å verne liv og eigedom mot brann. Brann- og redningsvesena har òg ei særskild viktig rolle ved redningsoppdrag. Ofte er det brann- og redningsvesen som kjem først til ein ulykkesstad. Etter kvart har dei fått ei viktig rolle mange stader som «first-responder».

Brann- og redningstenesta i fylket har hovudansvaret for å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, ulykker med farleg stoff og farleg gods, og andre akutte ulykker og uønskte hendingar. Dette arbeidet blir utført med både målretta førebyggjande arbeid og med ein dimensjonert beredskap mot hendingar. Alle kommunar har eit ansvar for sjølv å organisere brann- og redningstenesta i samsvar til krav i lov og forskrift<sup>29</sup>. Fleire kommunar har vald å inngå samarbeid på tvers av kommunegrensar, enten som vertskommunesamarbeid, ved kjøp av tenester frå andre kommunale føretak, eller som interkommunale selskap. Dette gir den lokale brann- og redningstenesta større slagkraft til å handtere oppgåvene.

### 3.2.3.4 Den frivillige redningstenesta

Dei frivillige organisasjonane er ein særskild viktig del av redningstenesta. Frivillige organisasjonars redningsfaglege forum (FORF) er ein paraplyorganisasjon for frivillige organisasjonar som har sitt virke i redningstenesta. FORF i Møre og Romsdal består av<sup>30</sup>: Norsk Folkehjelp Sanitet, Raude Kross Hjelpkorps, Norske redningshundar, Norsk Radio Relæ Liga.

Romsdal Alpine fjellredningsgruppe er ei frivillig gruppe som hjelper til med redning i bratt lende over heile fylket.

---

<sup>29</sup> Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften). FOR-2021-09-15-2755. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-09-15-2755>

<sup>30</sup> Sjå FORF sitt kontaktutvalg i Møre og Romsdal PD. [https://forf.no/forf/lastned.asp?\\_page=dokument&\\_id=215&\\_subid=387](https://forf.no/forf/lastned.asp?_page=dokument&_id=215&_subid=387)

Andre viktige frivillige aktørar er Norske Kvinners Sanitetsforening og Norsk Totalforsvarsforum (NTF).

### 3.2.3.5 Redningsselskapet

Redningsselskapet er delt opp i tre regionar. Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland høyrar til region vest. Redningsselskapet opererer fire redningsskøyter i Møre og Romsdal. Desse ligg i Kristiansund, Aukra, Ålesund og Fosnavåg.

### 3.2.3.6 Sivilforsvaret

Sivilforsvaret har nasjonalt ei styrke på 8000 tenestepliktige kvinner og menn mellom 18 og 55 år. Desse er pålagt tenesteplikt jf. Sivilbeskyttelseslova<sup>31</sup> og er regulert gjennom Den Europeiske Menneskerettighetskonvensjonen<sup>32</sup> (EMK).

Sivilforsvaret er delt inn i 20 distrikt.

Sivilforsvaret er til for å verne sivilbefolkninga. I fredstid er Sivilforsvaret ein statleg forsterkningsressurs som støttar sivile naud- og beredskapssetatar med sikte på å auke deira yteevne ved redningsaksjonar og anna innsats ved uønskete hendingar. I krig skal Sivilforsvaret verne sivilbefolkninga ved krigshandlingar og store uønskete hendingar **Feil! Bokmerke er ikkje definert..** Det kan vere evakuering, bidrag til medisinsk hjelp eller støtte ved radioaktiv eller kjemisk ureining. Mannskap i Sivilforsvaret er verna etter Genèvekonvensjonen<sup>33</sup>. Det betyr at dei ikkje skal angripast av dei stridande parter.

Tyfonanlegg vert drifta av Sivilforsvaret. I Møre og Romsdal er det 77 tyfonanlegg. Desse er i all hovudsak plassert i dei tre største byane, men det er også anlegg i Sunndal, Rauma, Giske, Ørsta og Volda. I fredstid vert anlegga stilt til disposisjon for politiet som har mynde til å løyse ut signalet "Viktig melding – søk informasjon". Som eit supplement til tyfonvarsling vert det arbeidd med å etablere nasjonalt system for SMS-varsling.

Det er om lag 800 registrerte tilfluktsrom (T-rom) i fylket. Av desse er om lag 40 offentlege T-rom som er bygde for å kunne verne ålmenta. Kommunane eig og held ved like offentlege T-rom. Dei aller fleste T-romma er bygd privat og dimensjonert for å gi vern for dei menneska som normalt oppheld seg på egedomen. Eigaren har ansvaret for vedlikehald av private T-rom. T-rom på skular, aldersheimar, kommunehus og liknande er private T-rom. Sivilforsvaret fører tilsyn og forvaltar regelverket knytt til T-rom.

Ved krig får Sivilforsvaret mynde til å evakuere. Evakuering i krig vil skje i tett dialog med politiet, kommunane, statsforvaltar og andre aktuelle mynde.

---

<sup>31</sup> Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret. LOV-2010-06-25-45. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-25-45>

<sup>32</sup> Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett. Vedlegg 2. Den europeiske menneskerettskonvensjon med protokoller (norsk oversettelse). [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)

<sup>33</sup> Genève-konvensjonen om beskyttelse av sivile i krigstid, med vedlegg (Konvensjon IV). 12-08-1949 nr 4 Multilateral. [https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1949-08-12-4/KAPITTEL\\_3-1#KAPITTEL\\_3-1](https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1949-08-12-4/KAPITTEL_3-1#KAPITTEL_3-1)

Sivilforsvaret har i Møre og Romsdal fire ulike avdelingar med om lag 410 tenestepliktige og åtte tilsette:

1. Fredsinnsatsgrupper (FIG) som er oppsett med køyretøy, brann- og lensepumper, brannvernutstyr, telt, lys og varme, førstehjelpsmateriell, vernedrakter CBRN osb.
2. Fredsinnsatsgruppe Personell (FIGP) er reine personellgrupper som er utdanna og øvd på same nivå som FIG.
3. Mobil reinseeing (MRE) er oppsett med køyretøy, reinsehengar, telt, lys og varme. Personellet har personleg vernedrakt CBRN.
4. Radiac-målepatrulje (RAD) er oppsett med utstyr for å måle og ta prøver knytt til radioaktivitet. Personellet har personleg vernedrakt CBRN.

Møre og Romsdal Sivilforsvardistrikt har åtte lager og oppsetningsstader i fylket, som vist i

Tabell 3.

Tabell 3 Lager og oppsetningsstadar i Møre og Romsdal, Sivilforsvaret

Stad	Type lager og avdelingar	Mannskapar
Kristiansund	Avdelingslager, FIG, 2 FIGP, MRE og RAD	90
Sunndal	Avdelingslager, FIG og RAD	25
Molde	Distrikts- og avdelingslager, FIG, 2 FIGP og RAD	75
Rauma	Avdelingslager, FIG og RAD	25
Ålesund	Avdelingslager, FIG, 2 FIGP og RAD	75
Ulstein	Avdelingslager, FIG og RAD	25
Ørsta	Avdelingslager, FIG og RAD	25
Stranda	Avdelingslager, FIG (-)	20

Sivilforsvaret kan ved større hendingar hente inn nabostøtte frå tilgrensande distrikt og/eller hente inn nasjonale ressursar som Mobile forsterkningseiningar (MFE). MFE er oppsett med større og tyngre utstyr innan til dømes brannpumpar, aggregat osb.

#### 3.2.3.7 Kjemikalie og eksplosivberedskap

Det er vertsbrannvesen som har ansvar for lokal IUA-beredskap og CBRNE-beredskap lokalt. Lokal risiko og lokale ROS-analyser ligg til grunn for korleis denne beredskapen er bygd opp i distrikta. Beredskapen blir bygd for å øve og ha kunnskap om risikoen som skal handterast lokalt. I tillegg har dei store brann- og redningstenestene i fylket ein utvida beredskap for å handtere fleire hendingar enn det dei mindre brann- og redningstenestene i fylket kan handtere.

CBRNE-beredskap i Noreg er eit nasjonalt satsingsområde som får ressursar frå fleire nasjonale aktørar med spisskompetanse på eigne fagfelt. Eksplosivberedskapen blir til

dømes handtert i samråd med politiet og forsvaret, avhengig av kva hendingar det gjeld. Medan helsesektoren har spisskompetanse innan deira fagfelt.

Fylket har god beredskap dimensjonert for å handtere mindre, daglege hendingar. I tillegg har Noreg system dimensjonert for å gje støtte i hendingar der skadeomfanget kan bli stort og utsette folk, samfunn og miljø for store belastningar.

Førebyggjande arbeid mot ulike næringar som handterer farlege stoff er også viktig. Ansvar for dette ligg hos kvar kommune og blir som regel lagt til brann- og redningstenestene.

### 3.2.4 IKT-tryggleik i sivil sektor

IKT-tryggleik skal generelt sikre:

- Tilgang til informasjon for autoriserte brukarar
- Integritet – at informasjon ikkje blir utsett for ikkje-autorisert eller feilaktig endring
- Konfidensialitet – lagring og handsaming av informasjon på ein slik måte at ikkje-autorisert innsyn ikkje skjer

Noreg er eitt av dei mest digitaliserte landa i verda. Den teknologiske utviklinga har brakt med seg nye sårbarheiter som krev større forståing for og handtering av IKT-tryggleik. Det finst ei rekkje nasjonale felleskomponentar som bidreg til å sikre IKT-tryggleik. IKT-tryggleik må ta høgde for både teknisk og menneskelege feil og skadar, og tilsikta angrep som sabotasje og innbrot. Alle aktørar og verksemdar har ei viktig oppgåve i å sikre IKT-tryggleik.

Ein stadig større avhengigheit til IKT gjer samfunnet sårbart ved hendingar som omhandlar integriteten, konfidensialiteten eller tilgjengelegheita til IKT-system. Konsekvensane ved hendingar vil òg bli større på grunn av auka avhengigheit. Dei fleste samfunnsfunksjonar er i dag avhengige av IKT-system og digital informasjon, som igjen er avhengig av fungerande telesystem og straum. Fysiske øydeleggingar som følgje av ekstremvêr og naturkatastrofar er ikkje ein del av cybersårbarheitene, men avhengigheita til system kan føre til cybertrugslane aukar når andre katastrofar skjer. Desse avhengigheitene aukar stadig, og det er viktig for kommunane og verksemdene som leverer samfunnskritiske funksjonar å avdekke desse, samt sørgje for å ha god beredskap for å kunne levere tenestene ved eventuelle hendingar. Felles for alle samfunnskritiske funksjonar er at dei er avhengige av teleinfrastruktur og kraftforsyning.

I cyberdomenet kan ein skilje mellom eksterne og interne trugslar, som enten kan vere fysiske eller logiske trugslar. Skilnaden mellom eksterne og interne trugslar er at dei eksterne trugslane er tilsikta.

### 3.2.5 Natur og miljø

#### 3.2.5.1 Ureiningsberedskap

Kystverket er ureiningsmynde ved akutt ureining.

Kommunane har ansvaret for å handtere akutt ureining av lokal karakter. Alle kommunar er med i eit interkommunalt utval mot akutt ureining (IUA). IUA har fleire ressursar til å handtere større hendingar. Dersom utslipp er av eit slikt omfang at dei er for store for IUA, tek Kystverket over aksjonen som da blir statleg. Ved statlege aksjonar er det Miljødirektoratet som støttar Kystverket med miljøfagleg kompetanse.

Statsforvaltaren vil ha ei oppgåver med oppfølging av den ansvarlege for utslippet dersom det skjer akutt ureining frå ei verksemd der Statsforvaltaren er konsesjonsmynde. Kystverket kan òg delegere mynde til Statsforvaltaren for å følgje opp konkrete hendingar.

Statsforvaltaren vil normalt bli beden om å bidra med miljøfagleg kompetanse til kommunar eller IUA under aksjonar mot akutt ureining. Ved statlege aksjonar vil Statsforvaltaren sin miljøfaglege kompetanse bli etterspurd av Miljødirektoratet.

### 3.2.5.2 Meteorologiske tenester

Meteorologisk institutt (MET) er eit statleg forvaltingsorgan under Klima- og miljødepartementet. Instituttet har kontor i Oslo (hovudkontor), Tromsø og Bergen.

MET sender mellom anna ut ekstremvêrvarsel. Det er vêr som kan føre til stor fare for liv og verdiar dersom samfunnet ikkje er førebudd. Sterk vind, mykje regn (inkl. styrtregn), snø, høg vasstand eventuelt med høge bølger, eller kombinasjon av desse vêrfenomena kan føre til raudt farenivå og eit namngitt ekstremvêrvarsel.

MET sender også ut farevarsel for lyn, snøfokk, is, vasstand langs kysten, skogbrannfare, polare lågtrykk og ising på skip.

MET har tett samarbeid med Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE). MET sørger for å levere oppdaterte prognosar for vêret som NVE legg til grunn for vurdering av flaum- og skredvarsel, som typisk kan vere konsekvensar av nedbør. Det er NVE som sender ut farevarsel for flaum og skred.

### 3.2.5.3 Overvaking av flaum og skredfare

Varsom-plattform<sup>34</sup> består av varslingsstenester, fagkunnskap og IT-system. Målet med varsom.no er å hindre tap av liv og verdiar knytt til snøskred, flaum, jordskred, fjellskred, isforhold, m.m. i Noreg. Tenesta er levert av NVE i samarbeid med Statens Vegvesen og Meteorologisk institutt.

#### Fjellskred

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) har det nasjonale ansvaret for å sikre menneske og materielle verdiar mot skred. NVE overvakar fjell som blir klassifisert med høg og moderat risiko for fjellskred. Møre og Romsdal er det første fylke som vart ferdig kartlagd for ustabile fjellparti.

---

<sup>34</sup><https://www.varsom.no/>

Det er definerte 10 høgrisikoobjekt i Noreg (2022). Av desse ligg tre i Møre og Romsdal. Åkneset, Hegguraksla og Mannen er alle fjell med høg risiko. Dei blir kontinuerleg overvaka av NVE. Overvakinga blir tilpassa kvart enkelt objekt, og det ligg samfunnsøkonomisk kost/nytte-vurdering til grunn for val om overvaking.

Fjell som er vurdert til moderat risiko vert periodisk overvaka. For meir detaljar om desse fjella viser vi Risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal frå 2011<sup>35</sup>.

NVE har utarbeidd nasjonal beredskapsplan for fjellskred. NVE er ansvarleg for planen, og planen skildrar korleis beredskap mot fjellskred er organisert og skal driftast. I tillegg er det laga objektplan for kvart høgrisikoobjekt. Nasjonal beredskapsplan for fjellskred skal sikre at beredskapen for ulike høgrisikoobjekt blir einsarta og gjenkjenneleg. Objektplanar skal etablere ei felles ramme for beredskap knytt til fjellskredfare for det enkelte høgrisikoobjekt.

DSB har laga ein [risikoanalyse](#) av varsla fjellskred frå Åkneset.

### 3.3 Samfunnet sin funksjonalitet

Samfunnets funksjonalitet er dei funksjonane bidreg med tenester direkte til innbyggjarane, i tillegg til å vere innsatsfaktorar for verksemdar som ansvarlege for andre kritiske funksjonar.

#### 3.3.1 Forsyningstryggleik

##### 3.3.1.1 Matforsyning

Matforsyningskjeda består av mellom anna produsentar, importørar, næringsmiddelindustrien, grossistar, transportørar og butikkar, der ansvaret i stor grad ligg hos marknadsaktørane. Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har koordineringsansvaret for forsyningsberedskapen av matvarer. Dette kjem i tillegg til sektoransvar for beredskap innanfor fiskeri, havbruk, matvareindustri og omsetning av daglegvarer. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har i hovudsak ansvar for matproduksjon og mattryggleik. Sentrale mynde har ansvar for å sørge for at tilstrekkeleg mengde matvarer kjem fram til detaljlistledd og storhushaldningar. Kommunar har ansvar for at mat kjem fram til innbyggjarar som ikkje kan skaffe seg mat på ordinær måte.

Funksjonsevna til matforsyninga er knytt til produksjon, import, distribusjon og omsetning av matvarer. Sett vekk i frå fiskeri er sjølvforsyningsgraden i Noreg på 44 prosent. Møre og Romsdal har naturgjevne føresetnadar for grasproduksjon som er godt tilpassa produksjon av mjølk og kjøt, men landskapet består av mange små og

---

<sup>35</sup> Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, NGU, 2011. Risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal.

gjerne bratte jordlappar. Det gjer at effektivisering, i form av stadig større og færre bruk, vil nå ei smertegrense både økologisk og økonomisk.

I 2020 hadde Møre og Romsdal seks prosent av jordbruksbedriftene i Noreg, og fem prosent av dyrkajord i drift. Dette er ein nedgang frå sju og seks prosent i år 2000. Møre og Romsdal sin del har gått ned for alle dei store husdyrproduksjonane.

Satsing på større bruk gjev ei sentralisering av jordbruksproduksjonen i Møre og Romsdal. Store delar av fylket har ikkje nok areal som eignar seg til intensiv stordrift og det vil føre til at store areal av dyrkajord og beite går ut av drift. Det må leggst til rette for at investeringar og lønsam drift vert mogleg på bruk som er tilpassa lokalt ressursgrunnlag i form av dyrkajord og beite dersom Møre og Romsdal skal behalde sin del av jordbruksbasert matproduksjon.

### 3.3.1.2 Drivstofforsyning

Drivstoff er eit samleomgrep for energibærande brennstoff i flytande form eller som gass, og som kan nyttast til å drive maskiner. Dei vanlegaste drivstoffa er bensin og diesel. Transport står for hovuddelen av drivstoffbruken i Noreg.

Ansvar for drivstoff-forsyning ligg i stor grad hos marknadsaktørane. Det vil sei produsentar, distributørar, transportverksemdar og bensinstasjonar. Lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt, og tilhøyrande forskrift, gjev norske myndige høve til avgjere at produsentar og importørar skal lagre petroleumsprodukt. Det er Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) som har det overordna ansvaret for beredskapsførebuingar, finansiering og krisehandtering knytt til forsyning av drivstoff i form av petroleumsprodukt. NFD oppnemner medlemmar til rådet for drivstoffberedskap. Føremålet med rådet er å bidra til å sikre tilgang til drivstoff i kriser.

Det petroleumsbaserte drivstoff-forsyningssystemet kan skildrast som ei kjede som startar ved produksjon og ilandføring av olje (ev. import), raffinering til bensin, diesel og andre produkt og distribusjon til bensinstasjonar via tankanlegg i landsdelane.

Noreg har to raffineri, men ingen av desse ligg i Møre og Romsdal. 64% av kommunane i fylket har eige drivstoffanlegg. Desse anlegga har i dei fleste tilfelle avgrensa kapasitet. I hovudsak er det kommunale aktørar, som brannvesen, tekniske tenester og kommunale naudstraumaggregat som har prioritet frå anlegga. Om lag 20% av kommunane i fylket har etablert andre beredskapsordningar for forsyning av drivstoff, 60% har ikkje etablert andre beredskapsordningar, og 20% er usikre (svar frå 25 av 26 kommunar i 2020)<sup>36</sup>.

---

<sup>36</sup>

<https://www.dsb.no/contentassets/c05e0ad7a492441492646c144f06cdc2/kommuneundersokelsen.pdf>

### 3.3.2 Vatn og avløp

Det er hovudsakleg kommunane eller kommunalt eide selskap som sørger for vatn- og avløpstenestene til sluttbrukarane i Noreg<sup>1</sup>.

Infrastrukturen for vatn og avløp er naturlege monopol med ingen eller få overlappende system i tilfelle systema sviktar. Det er derfor naudsynt med robuste løysingar og system.

Følgande komponentar inngår i vatn- og avløpssystema:

Tabell 4 Komponentar som inngår i vatn- og avløpssystem

Vassforsyning	Avløpshandtering
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Nedbørsfelt / kjelde</li> <li>2. Vassbehandling (anlegg)</li> <li>3. Vassdistribusjon               <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Leidningsnett</li> <li>b. Tunellar</li> <li>c. Høgdebasseng</li> <li>d. Pumpestasjonar</li> </ol> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Innsamling/opsamling av avløpsvatn/overvatn</li> <li>2. Transport av avløpsvatn               <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Leidningsnett</li> <li>b. Tunellar</li> <li>c. Pumpestasjonar</li> </ol> </li> <li>3. Avløpsreinsing (avløpsanlegg)</li> </ol>



















For å kartlegge i kva grad Møre og Romsdal når FN sine berekraftsmål, samla fylkeskommunen i 2021 data frå kvar enkelt kommune i fylket for å måle og analysere U4SSC nøkkellindikatorane<sup>37</sup>. Analysen av resultatane er presentert i ein eigen rapport<sup>38</sup>, mellom anna med ei oversikt over vatn- og avløpssektoren (VA-sektoren). I Møre og Romsdal er tilgangen på vatn og drikkevatt godt ivaretatt, og sanitærforhald i fylket er generelt gode. Kartlegginga viser likevel at kommunane scorar svært lågt på nokre indikatorar. Dette gjeld spesielt innføring av smarte vassmålarar og overvaking av overflate- og flaumvatn, som vist i Tabell 5.

<sup>37</sup> United 4 Smart Sustainable Cities, u.å. Collection Methodology for Key Performance Indicators for Smart Sustainable Cities. <https://www.itu.int/en/publications/Documents/tsb/2017-U4SSC-Collection-Methodology/mobile/index.html#p=1>

<sup>38</sup> Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Program for eit berekraftig fylke. Berekraftprofil. U4SSC KPI rapport. <https://mrfylke.no/content/download/17186/195264?version=2>
















Tabell 5 Berekraftsindikatorar, vatn og avløp, kommunar i Møre og Romsdal<sup>38</sup>

KATEGORI	Nøkkellindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
<b>VA</b> <b>Vann og avløp</b> 	Smarte vannmålere	Red		
	Vannforsyning IKT-overvåking	Yellow		
	Vannforsyning - basis	Green		
	Drikkevannsforsyning	Light Green		
	Vanntap i ledningsnett	Red		
	Avløpsvann - oppsamling	Light Green		
	Sanitærforhold - husholdninger	Green		
<b>Drenering</b> 	Drenering/overvannsystem IKT-overvåking	Red		

Tap av vatn i ledningsnettet er generelt svært høgt i landet. Dette gjeld også for kommunane i Møre og Romsdal. I tillegg til auka kostnad for sluttbrukar, fører dette til større fare for ureining i drikkevatt grunna leidningsbrot.

Kvaliteten på drikkevattnet er generelt god i fylket. Indikatorane som måler vassforbruk og reinsing/behandling av avløpsvatn er derimot under internasjonal standard, vist i Tabell 6. Sett i samanheng med at tap av vatn i ledningsnettet er høgt, viser dette at store oppgraderingar er naudsynt for å kome på eit akseptabelt nivå, både med omsyn til berekraft og beredskap/forsyningstryggleik. Dette samsvarar med den nasjonale kartlegginga som Norconsult og Sintef gjorde i 2021<sup>39</sup> som viste eit investeringsbehov i VA-sektoren på 332 milliardar kroner dei neste 20 åra.

Tabell 6 Berekraftsindikatorar, vatn og avløp, kommunar i Møre og Romsdal<sup>38</sup>.

KATEGORI	Nøkkellindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
<b>VA</b> <b>Vann og avløp</b> 	Drikkevannskvalitet	Light Green		
	Vannforbruk	Red		
	Ferskvannforbruk	Red		
	Avløpsreinsing - Hoved	Yellow		
	Avløpsreinsing - Sekundær	Red		
	Avløpsreinsing -Tertiære	Red		

<sup>39</sup> Norsk Vann, 2021. A 259 Kommunalt investeringsbehov for vann og avløp 2021-2040. Rapport/analyse av Sintef og Norconsult. Tilgjengeleg frå <https://va-kompetanse.no/butikk/a-259-kommunalt-investeringsbehov-for-vann-og-avlop-2021-2040/>

### 3.3.3 Finansielle tenester

Det er eit hovudmål for styresmaktene å sikre finansiell stabilitet. Det vil sei å sikre at det finansielle systemet er robust mot alle forstyrringar. Ansvar for å sikre finansiell stabilitet i Noreg er delt mellom Finansdepartementet, Noregs Bank og Finanstilsynet.

Finansdepartementet har overordna ansvar for at det finansielle systemet fungerer godt. Noregs Bank og Finanstilsynet skal sikre at det finansielle systemet er robust og effektivt mellom anna gjennom overvaking av finansinstitusjonar, verdipapirmarknadene og betalingssystem. Finanstilsynet fører også tilsyn med finansinstitusjonar og marknads plassane.

Finansmarknaden skal sikre trygg formidling av kapital mellom aktørar nasjonalt, og til og frå utlandet. Den internasjonale finansmarknaden er stadig tettare vevd saman. Norske bankar er avhengig av internasjonale penge- og kapitalmarknader. Finansiell uro i andre land kan derfor spreie seg raskt til Noreg. Dette er ein sårbarheit.

Betalingsystem som sikrar transaksjonar mellom konti og mellom bankar nasjonalt og internasjonalt er ein føresetnad for all interaksjon mellom aktørar i eit økonomisk system. Det er derfor viktig å sikre evna til å gjennomføre betalingar og andre finansielle transaksjonar på ein trygg måte.

Svikt i tilgang til betalingsmiddel kan få store konsekvensar for tilgang til viktige varer. Betalingsmiddel er både kontantar og ulike elektroniske betalingsinstrument, til dømes bankkort. Elektroniske betalingsinstrument er sårbare for svikt i straumforsyning og EKOM. Sjølv om kontantar spelar ein mindre rolle i kvardagen har dei framleis ein viktig funksjon i beredskapssituasjonar. Kontantar er derfor framleis vurdert å vere ein naudsynt del av bankane si samla beredskapsløyning.

Den tette samankoplinga mellom bankar og bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) gjer at det ikkje er relevant å skildre og analysere dei finansielle tenestene berre på fylkesnivå for Møre og Romsdal.

### 3.3.4 Kraftforsyning

Kraftforsyning «... omfattar dei system og leveransar som er naudsynt for å ta vare på samfunnets behov for elektrisk energi til oppvarming, hushalding, produksjon, transport m.m., og fjernvarme der slike anlegg er utbygd»<sup>1</sup>.

#### 3.3.4.1 Forsyning av elektrisk energi

Produsert kraft transporterast via forsyningsanlegg til sluttbrukar. Forsyningsnettet er dimensjonert for å overføre den elektriske energien som trengs når forbruket er på det høgaste (typisk i kalde periodar på vinteren). Eiga elektrisitetsproduksjon, i tillegg til import, sikrar generelt nok tilgang på energi i Noreg.

Forsyningsnettet i Noreg har tre nivå:

1. Transmisjonsnett (sentralnett): Bind saman produksjon og forbruk i ulike landsdelar
2. Regionalnett: Bindeledd mellom transmisjonsnett og distribusjonsnett
3. Distribusjonsnett: Lokale nett som sørger for distribusjon av elektrisk energi til sluttbrukar

Figur 16 viser kart over transmisjonsnett i Midt-Noreg<sup>40</sup>.




Figur 16 Kart over dagens transmisjonsnett i Midt-Noreg<sup>40</sup>

Transmisjonsnett i Møre og Romsdal går frå Ørsta til Surna, inkl. 420 kV-leidninga frå Viklandet til Hustadvika. Møre og Romsdal har totalt kraftunderskot, der det største forbruket er knytt til industri rundt Sunndalsøra og på kysten. Forbruket er elles spreidd rundt dei største byane (Kristiansund, Molde og Ålesund). Kraftproduksjonen er i stor

<sup>40</sup> Statnett, 2021. Nettutviklingsplan 2021.

grad lokalisert i indre delar av fylket, rundt stasjonane Tussa, Tafjord, Grytten, Aura og Trollheim.

Leidningsmassen i region Midt utgjør 1500 km, der omlag 40% er oppgradert etter år 2000. I Møre og Romsdal er det ein del gammalt 132 kV-nett, i tillegg til 300 kV-leidninga som går gjennom fylket. Dei viktigaste drivarane for nettutviklinga i fylket er forsyningstryggleik og utvikling i forbruk (særleg pga. «det grønne skiftet»). Figur 17 illustrer nettsituasjonen i Møre og Romsdal<sup>41</sup>. Nylege og planlagde tiltak er markert.



Figur 17 Dagens nettbilene i Møre og Romsdal. Figuren syner nylege gjennomførte og planlagde tiltak<sup>41</sup>

I Nordmøre og Romsdal er det per no (2022) ikkje tilgjengeleg kapasitet i nettet for tilknytning av meir forbruk. Det er store forbruksplanar i området, men nettkapasiteten er avgrensa og høgt utnytta. I samarbeid med Elinett og NEAS har Statnett derfor vurdert fleire konsept for framtidig forsyning i området<sup>42</sup>. Utgreiinga<sup>41</sup> viste at det beste utbyggingsalternativet er såkalla «indre konsept». Dette alternativet inneber ny 420 kV-leidning Isfjorden- Istad-Fræna og ny 420 kV-leidning Snilldal-Tjeldbergodden-Surna. Tiltaket inneber også at NEAS bygger ei 132 kV-leidning frå Istad til Kristiansund. Isfjorden - Istad er vurdert av Statnett til første byggetrinn.

<sup>41</sup> Statnett, 2022. Konseptvalgutredning. Tilrettelegging for forbruksvekst i Nordmøre og Romsdal.

<sup>42</sup> Statnett, 2021. Nettutviklingsplan 2021. Samandrag.

### 3.3.4.2 Ansvar og regulering

Statnett har ansvar for å bygge og drifte det sentrale straumnettet. Føretaket er operatør for heile sentralnettet og eig om lag 90 % av nettet. Statnett Region Midt består av fylka Trøndelag og Møre og Romsdal.

NVE har ansvaret for å samordne beredskapsplanlegginga, og skal leie kraftforsyning i landet under beredskap og i krig<sup>1</sup>. Kraftforsyninga sin beredskapsorganisasjon (KBO) er etablert for å løyse dette oppdraget. KBO i Møre og Romsdal består av NVE og 14 verksemder, som representerer kraftforsyninga, og inkluderer alle einingar som eig eller driv kraftproduksjon med tilhøyrande vassdragsregulering, overføring og distribusjon av elektrisk kraft og fjernvarme<sup>43</sup>. Alle einingar som er inkludert i KBO har: «... *ein sjølvstendig plikt til å sørge for effektiv sikring og beredskap og iverksette tiltak for å førebygge, avgrense og handtere verkingane av ekstraordinære situasjonar*»<sup>1</sup>.

KBO-einingane i Møre og Romsdal er pålagt å utarbeide eigne ROS-analysar og beredskapsplanar. Dei har også ansvar for samhandling med kommunane og Helseføretak, og for risikovurderingar av kraftforsyning i kommunane. ROS-analysane og beredskapsplanane skal innehalde kartlegging av anlegg som skal prioriterast ved feil i kraftnettet eller avgrensa forsyningssituasjon der anlegga skal prioriterast og skjermast for utkopling. Følgande prioritering, som skildra i kraftberedskapsforskrifta<sup>43</sup>, gjeld:

- Liv og helse
- Sjukehus, sjukeheim og andre institusjonar
- Dyrehold (eigar har ansvaret – lokalt aggregat naudsynt)
- Viktige samfunnsfunksjonar
- Leiing/administrasjon og tryggleik
- Infrastruktur: tele, kloakk, transport mm.
- Forsyning: vatn, mat, drivstoff, apotek
- Industri/næringsliv
- Ved fare for skade på produksjonsutstyr (smelteomnar og liknande)
- Ved store økonomiske tap
- Verksemder som kan koplast ut sonevis eller periodevis
- Bustadområde, forretningsstrøk og liknande
- Upprioriterte verksemder som kan koplast heilt ut for ein lengre periode
- Kundar med alternativ
- Områder med fritidsbustadar

Kraftproduksjon og fjernvarmeproduksjon skal prioriterast i kraftnettet og desse skal utføre eigne ROS-analyser med tilhøyrande beredskapsplanar for eiga verksemd.

---

<sup>43</sup> Sjå Forskrift om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen (kraftberedskapsforskriften). FOR-2012-12-07-1157. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-12-07-1157>

### 3.3.5 Elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester

Samfunnsfunksjonen inkluderer elektronisk kommunikasjon gjennom kommersielle nett, og Naudnett som er staten sin infrastruktur for mobil kommunikasjon for naudetatane og andre beredskapsaktørar<sup>1</sup>.

Elektronisk kommunikasjon er definert<sup>44</sup> som system for signaltransport som gjer det mogleg å overføre lyd, tekst, bilete eller anna data ved hjelp av elektromagnetiske signaler i fritt rom eller kabel der radioutstyr, svitsjar, anna koplings- og dirigeringsutstyr, tilhøyrande utstyr og funksjonar inngår.

Som brukar forhold vi oss i stor grad til ekomtenester som teletenester og dataoverføring. På same måte som kraftforsyning er desse tenestene satt saman av eit heilt produksjonsmaskineri for å formidle tenestene til brukarane. For å forstå ekom lokalt er det naudsynt å først skildre systemet og komponentane i infrastrukturen i nettet.

Dei grunnleggande delane i ekinfrastrukturen<sup>1</sup> er transportnett, aksessnett, tenestenett og styringssystem. Transportnettet utgjer det nasjonale og regionale nettet, og blir også delt opp i kjernenett og regionalnett<sup>45</sup>. Kjernenettet er den landsdekkande «motorvegen» for data- og telekommunikasjon. Nettet har stor kapasitet, og består i hovudsak av fiberliner og utstyr tilbydarane nyttar til produksjon av tenestene, og er robust og godt sikra. Regionalnettet er «riksvegane» som dekkjer ein region, som t.d. Møre og Romsdal fylke eller ein større by, og bind saman kjernenettet og aksessnettet gjennom fleire sentralar. Aksessnettet er den delen av nettet brukaren er tilkopla. For fasttelefoni og breiband består tilgangsnetta av lokale fiber- eller koparkablar, og utstyr i endesentralar. Mobilnettet er ein type aksessnett. Det formidlar signalet til brukaren via basestasjonar knytt til dei faste, bakkebaserte ekomnetta. Tenestenett er den infrastrukturen som er naudsynt for å styre tenester i det fysiske overføringsnettet. Styringssystem er IT-drift og støttesystema som overvakarar og styrar ekomnettet og tenestenettet. Desse systema kan utgjere ein kritisk del av infrastrukturen, og i dei fleste tilfelle er funksjonane sentralisert og avhengig av ekomtenester for å overvake og styre komponentane i netta.

#### 3.3.5.1 Kommersielle nett

Fasttelefoni, mobiltelefon samt breiband i både mobil- og fastnett inngår i det kommersielle nettet. Dei som tilbyr ekomtenester kan delast i tre kategoriar:

Tilbyr tenester i eige nett

Kjøper tenester av andre og vidaresel til sluttbruker

Kombinasjon av 1. og 2.: nokre tenester produserast i eige nett, medan andre tenester kjøpast av andre og vidareseljast til sluttbrukar.

---

<sup>44</sup> Definisjon frå Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven), § 1-5. LOV-2003-07-04-83.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-83>

<sup>45</sup> Lysneutvalget, 2015. <https://www.regjeringen.no/no/dep/jd/org/styre-rad-og-utval/innstillinger/innstillinger-fra-utvalg/innstillinger-levert-i-2015/Digitalt-sarbarhetsutvalg/id764196/>

Dette fører til at vi har ein marknad der mange tilbydarar er avhengig av dei tilbydarane som også er store infrastruktureigarar. Til dømes er Telenor både største tilbydar og den klart største infrastruktureigaren i Noreg. Det same gjeld for Møre og Romsdal. Andre kommersielle teleoperatørar, også Naudnett, leiger kapasitet hos Telenor for å oppnå effektiv utnytting av infrastrukturen utan å etablere egne fysiske nettverk.

Nasjonal kommunikasjonsmynde har ei eiga kartteneste/nettside<sup>46</sup> som viser oversikt over plassering av alle sendepunkt for kringkasting og offentleg mobiltelefoni som er satt i kommersiell drift. Tenesta viser ikkje dekning for mobil- og kringkastingsnetta. Informasjon om dekning finst på mobil- og kringkastingsoperatørane sine nettsider<sup>47</sup>.

Sjølv om tekniske anlegg i fastnettet i stor grad er utstyrt med kraftreservar som er dimensjonert etter storleik på anlegget, viktigheit og lokalisering (komplisert framkjømd inneber ofte større kraftreservert), er avhengigheita til kraftforsyning viktig å kaste lys over. Alle Telenor sine faste anlegg har batterireserve, medan større anlegg har i tillegg dieselaggregat. Generelt sett kan det seiast at mindre viktige basestasjonar i byområde med kort avstand til andre og viktige installasjonar, gjerne ikkje har batterireserve. Dette gjev framleis akseptabelt kvalitetsnivå på teneste ved lokale straumbrot sidan det finst 'overdekning' – dvs. at fleire basestasjonar dekkjer same område. Utanfor tettstadar vil som regel basestasjonar ha batterireserve dimensjonert med omsyn til storleik og viktigheit i mobilnettet.

Lokal kraftutkopling skal vanlegvis ikkje by på spesielle utfordringar så sant lengda på bortkoplinga er gjort tydeleg gjennom varsel til Telenor og andre EKOM-leverandørar frå kraftleverandøren. Telenor sin operasjonssentral set i verk relevante tiltak i samsvar med varsel. Dersom eit anlegg berre er utstyrt med batterireserve, kan mobilt aggregat takast i bruk. Avtalar med entreprenør sikrar at reserveløysingar kjem på plass.

Dersom eit bortfall av straum ikkje overstig kapasiteten til reserveløysingar som er etablert, eller som blir satt i verk som beredskapstiltak på aktuelt teknisk anlegg, vil anlegget fungere som normalt. Ekstraordinære tilfelle, t.d. ekstremvêr, kan gje eit anna situasjonsbilete og skape problem med framkjømd (med omsyn til normalisering og reperasjon). Eit omfattande eller langvarig kraftbortfall kan medføre at Telenor, i samarbeid med regionale og sentrale mynde, må prioritere innsatsen knytt til normalisering.

### 3.3.5.2 Naudnett

Naudnett er eit sentral kommunikasjonssystem (basert på TETRA-teknologien<sup>48</sup>) for beredskaps-Noreg. Det er om lag 50 000 brukarar av naudnett, fordelt på om lag 1000 organisasjonar. Beredskapsetatane er avhengig av eit velfungerande kommunikasjonssystem i alle situasjonar. Tilgang til naudnett er avhengig av om

---

<sup>46</sup> <https://finnsenderen.no/>

<sup>47</sup> Sjø t.d. Telenor sitt dekningskart, <https://www.telenor.no/dekning/>

<sup>48</sup> TETRA (TErrestrial Trunked RAdio) er ein standard for digitalt radiosystem for lukka, gruppeorientert kommunikasjonsradiosamband som er spesielt utvikla for offentlege naud- og beredskapstenester, men som også brukes av andre profesjonelle brukere.

systemet har dekning i det aktuelle området der behovet oppstår, og om det er kapasitet i nettet til å handtere trafikken. Det er generelt god dekning og kapasitet i naudnett. Sjølv om naudnettet er bygd ut med eigen infrastruktur over heile landet, er nettet delvis avhengig av kommersielle nett for transmisjon.

Basestasjonane i naudnettet har generelt større reservestraumkapasitet enn basestasjonar i dei kommersielle netta. 48 % timar reservestraum er etablert i 15% av basestasjonane, medan minimumskravet for resterande 85 % av basestasjonane er åtte timar.

### 3.3.5.3 Ansvar og regulering

Telenettet er ein vital del av kritisk infrastruktur og er ein støttefunksjon som bidreg til at andre viktige og kritiske samfunnsfunksjonar fungera på ein god måte. Tilgang til gode ekomtenester er viktig dersom det oppstår kritiske situasjonar hos enkeltpersonar, i verksemdar eller i samfunnet som heilskapl.

Det finst ikkje i dag grunnlag for å iverksette prioriteringar i ekom-nettet. Eitt unntak er naudnummertenenestane. Den enkelte verksemd som er pålagt å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar (inkludert kommunar), skal sjølve ta opp med sine teletilbydarar kva delar av ekom-leveransane som blir kritiske for å oppretthalde pålagde oppgåver og tenester.

Prioriteringar som gjerast i krisesituasjonar som råkar samfunnet i stort geografisk omfang, skjer i samråd med relevant mynde, inkludert Statsforvaltaren og Fylkesberedskapsrådet.

## 3.3.6 Transport

Transportsektoren<sup>49</sup> er ein sentral del av samfunnstryggleiken i Noreg. Transport er definert som ein kritisk samfunnsfunksjon, og skal bidra til å oppretthalde samfunnsviktige funksjonar og ta vare på innbyggjaranes liv, helse og grunnleggjande behov. Transport er også identifisert som ein grunnleggjande nasjonal funksjon (GNF), jf. sikkerheitslova. Med dette er transportfunksjonen vurdert til å vere av ein slik betydning at eit heilt eller delvis bortfall av funksjonen vil få konsekvensar for staten si evne til å ta i vare nasjonale tryggleiksinteresser. Samfunnstryggleik i transportsektoren handlar i hovudsak om følgjande tre kapabilitetar:

- **Transporttryggleik:** Transporttryggleik handlar om evna til å førebyggje store uønskete hendingar som kan medføre tap av liv og helse, eller som kan medføre øydeleggingar på miljø og materielle verdiar. Dette avheng både av

---

<sup>49</sup> Strategi for samfunnssikkerhet i transportsektoren', Samferdselsdepartementet desember 2020, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-samfunnssikkerhet-i-samferdselssektoren/id2460094/>




tryggleiksnivået i den fysiske og digitale transportinfrastrukturen, og av tryggleiksnivået his transportaktørane.

- **Framkome:** Framkome handlar om at transport skal kunne finne stad som forutsett å ikkje bli hindra av omfattande nedetid eller svikt i infrastruktur eller understøttande tenester og system. Dette handlar om evna til å stå i mot øydeleggingar av infrastruktur, evna til å etablere alternative løysingar og evna til å reparere / rette opp igjen infrastruktur så raskt som mogleg.
- **Transportevne:** Transportevne handlar om evna til å utføre transport som er naudsynt for å ta i vare kritiske samfunnsfunksjonar og det grunnleggjande behovet til innbyggjarane. Dette handlar om å ha tilgang til transportressursar og at dei blir brukt på ein føremålstenleg måte.

Med det desentraliserte nærings- og busettingsmønsteret i fylket er det ekstra viktig med tilgang til effektiv og robust transport på veg, sjø, i luft og på bane. Dette gjeld både for transport av personar og gods, samt ivaretakinga av andre samfunnskritiske funksjonar.

Transportsystemet består av fleire komponentar. Sjølve infrastrukturen (veg, flyplass, jernbane kaier, farleier osv.) utgjer den grunnleggjande komponenten i transportsystemet. Den neste komponenten er operatørane. Dette er dei som i ein eller anna form driv med transport, anten av seg sjølv, passasjerar eller gods. Døme på dette er transportselskap, flyselskap, reiarlag, jernbaneoperatørar og private. Brukarar er den siste komponenten, og dette er førarar, passasjerar og gods.

Figur 18 viser oversikt over samferdselsystemet i Møre og Romsdal (per 17.01.2022).



Figur 18 Samferdsel i Møre og Romsdal per januar 2022

#### 3.3.6.1 Ansvar og organisering<sup>50</sup>

Staten, ved Samferdselsdepartementet, har det overordna ansvaret for samfunnssikkerheit for veg, jernbane, luftfart, post, maritim infrastruktur og tenester, førebyggjande sjøsikkerheit, hamnesikring, statleg beredskap mot akutt forureining og sivil transportberedskap. Ansvaret inneberer blant annet å ha oversikt over risiko og sårbarheit i sektoren, iverksette nødvendige risiko- og sårbarheitsreducerande tiltak, ivareta ansvaret for sentral krisehandtering i sektoren, utarbeide mål og koordinere

<sup>50</sup> Skildringane er henta frå 'Strategi for samfunnssikkerhet i transportsektoren', Samferdselsdepartementet desember 2020, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-samfunnssikkerhet-i-samferdselssektoren/id2460094/>

arbeidet med samfunnssikkerheit. Vidare har Samferdselsdepartementet eit særleg ansvar for koordinering og samordning med andre departement og verksemder innafor transportområdet. Underliggende etatar, tilsyn, føretak og knytt til selskap har eit sjølvstendig ansvar for samfunnssikkerheita innafor sine område, og er skildra under.

#### *Etatar og tilsyn*

Statens vegvesen er fagetat for vegsektoren, og har ansvar for å planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde riks- og europavegane, inkludert riksvegferjesambanda. Statens vegvesen har ansvar for nasjonale oppgåver som gjeld samfunnssikkerheit og beredskap, nasjonalt register for vegdata og trafikkinformasjon for offentleg veg. Statens vegvesen har også ansvar for kontroll av tilsyn med køyretøy og trafikantar.

Kystverket er fagetat og utøvande organ i forvaltninga av hamner og farvatn. Kystverket har ansvaret for maritim infrastruktur og tenester, forebyggande sjøsikkerheit, forvaltning av hamnesikringsregelverket, og statleg beredskap mot akutt forureining. Som en del av ansvaret for å sørge for sikker og effektiv ferdsel i farleier langs kysten og inn til hamner, har Kystverket ansvaret for navigasjonsinfrastruktur, utbetring av farleier, sjøtrafikksentralar og lostenesta.

Jernbanedirektoratet er fagetat og skal bidra til utvikling av arbeidet med samfunnssikkerheit i jernbanesektoren gjennom faglege råd og innspel. Direktoratet bestiller tenester innan infrastruktur og persontrafikk og skal sørge for at jernbanesektoren drives mest mogleg effektivt, sikkert og miljøvennleg. Jernbanedirektoratet har også et overordna ansvar for at arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap i jernbanesektoren er heilskapleg.

Statens jernbanetilsyn fører tilsyn med at jernbaneverksemda tek i vare sitt ansvar for samfunnssikkerheit og beredskap. I tillegg har Statens jernbanetilsyn ansvar for tilsyn med taubaner og fornøyelsesinntretningar.

Luftfartstilsynet skal sjå til at relevant sikkerheits- og beredskapsregelverk blir etterlevd av luftfartsaktørane, innan både trygging (safety) og sikkerhet (security). Luftfartstilsynet har vidare en særskilt koordinerande rolle ved sikkerheitshendingar i luftfarten og tar avgjerder om innføring av ytterlegare sikkerheitstiltak, inkludert stenging av luftrom, dersom situasjonen krev dette. Tilsynet leier Sikkerhetsrådet for luftfarten, som er et rådgivande organ for råke mynde med det formål å forebygge anslag retta mot sikkerheita i sivil luftfart i Noreg.

Vegtilsynet fører tilsyn med at krav om sikkerheit knytt til riksveginfrastrukturen er ivaretatt av Statens vegvesen og det statlege utbyggingsselskapet Nye Veier AS.

Statens havarikommisjon er ein fast, uavhengig undersøkingskommisjon for transportulykker innan alle transportformene, samt Forsvaret. Statens havarikommisjon kan med basis i sine undersøkingar gje sikkerheitstilrådingar.

Senter for oljevern og marint miljø er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeider for å fremme kunnskap, kostnadseffektive og miljøvennlege teknologiar og metodar for arbeidet med oljevern og marin forsøpling.

### *Statlege føretak og aksjeselskap*

Avinor AS er eit aksjeselskap fullt ut eigd av staten ved Samferdselsdepartementet. Avinor AS har ansvar for å drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for sivil sektor og ein samla flysikringsteneste for sivil og militær sektor. I Møre og Romsdal eig og driv selskapet følgjande lufthavner: xx

Bane NOR SF er et statsføretak som høyrer inn under Samferdselsdepartementet. Bane NOR har ansvaret for planlegging, utbygging, forvaltning, drift og vedlikehald av det nasjonale jernbanenettet, trafikkstyring samt forvaltning og utvikling av jernbaneeigendom. Som infrastrukturforvaltar har Bane NOR det operative ansvaret for samfunnssikkerheit på det nasjonale jernbanenettet og koordinerer dette arbeidet med dei andre jernbaneaktørane. Bane NOR SF har ansvar for Raumabanen, som er den einaste jernbana i fylket.

Entur AS er eit aksjeselskap fullt ut eigd av staten ved Samferdselsdepartementet. Selskapet skal levere sals- og billettløysingar for jernbanen. I tillegg skal Entur AS levere tenester som gjer det enkelt å planlegge, samanlikne og kjøpe saumlause reiser på tvers av alle kollektivtransportsselskaper og transportformer i Norge. Det fylkeskommunale kollektivselskapet FRAM samarbeider med Entur AS.

Norske tog AS er eit aksjeselskap fullt ut eid av staten ved Samferdselsdepartementet. Selskapet anskaffer, eig og forvaltar persontogmateriell. Selskapet inngår avtaler om utleie av togmateriell med togoperatørar som har trafikkavtale med Jernbanedirektoratet. Selskapet eig togmateriellet som blir nytta på Raumabanen.

Nye Veier AS er et aksjeselskap fullt ut eid av staten ved Samferdselsdepartementet. Selskapet har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av dei riksvegstrekingar som selskapet er tildelt. Nye Veier AS har utbyggingsansvar for strekninga E136 Innlandet grense-Vestnes.

Vygruppen AS er eit aksjeselskap fullt ut eid av staten ved Samferdselsdepartementet. Grunngevinga for eigarskapen er å ha ein leverandør som kan møte statens behov for transport av personar og gods på jernbane. Verksemda består i hovudsak av persontog, gods og buss.


### *Fylkeskommunen*

Fylkeskommunen har ansvar for å planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde fylkesvegnettet, inkludert fylkesvegferjesamband, samt for utvikling og drift av regional kollektivtransport. Vidare har fylkeskommunen eit ansvar for å organisere den regionale transportberedskapen, og skal legge til rette for at det er ein transportberedskap ved ekstraordinære krisehendingar i fredstid og i krig. Dette skjer i samarbeid med mellom anna Statens vegvesen, Kystverket, transportnæringa, Statsforvaltaren, politi og forsvaret<sup>51</sup>.

---

<sup>51</sup> Viser til plan for sivil transportberedskap.

Handteringa av uønskte hendingar i transportsektoren følgjer dei same grunnleggjande prinsippa som arbeidet med samfunnssikkerheit. For transportsektoren gir dette følgjande:



Figur 19 Styrings- og rapporteringslinjer ved hendingar<sup>52</sup>

### 3.3.6.2 Veg og ferje

Den enkelte vegeigarar har eit sjølvstendig ansvar for samfunnstryggleik og beredskap for sine vegar. Vidare har Statens vegvesen for nasjonale oppgåver som gjeld samfunnstryggleik og beredskap innan heile vegsektoren. Dette gjeld både ved større hendingar på tvers av vegeigarane og som pådrivar for eit einskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i sektoren.

Veg er den viktigaste infrastrukturen for persontransport i kvardagen. Vidare er det òg behov for trygge vegar og ferjer slik at fylket kan legge til rette for næringsaktivitet. Ekstra viktig blir dette med tanke på at fylket har ein utfordrande geografi med til dels store avstandar til marknadane.

Vegnettet består av riks-, fylkes- og kommunale vegar. E39 bind fylket saman på langs med tilknytning til Bergen i sør og Trondheim i nord. I tillegg er det viktige tverrsamband som knyt fylket til Austlandet, der Ålesund og Molde har samband via Åndalsnes og

<sup>52</sup> Strategi for samfunnssikkerhet i transportsektoren, desember 2020, Samferdselsdepartementet

Dombås. Frå Kristiansund har ein samband via Sunndalen og Oppdal, eller via Molde og Åndalsnes til Dombås.

Dei viktigaste vegane i og til fylket er:

- E39 –gjennom heile fylket frå Vestland fylke i sør til Trøndelag fylke i nord
- E136 – gjennom Romsdalen frå Innlandet fylke til Ålesund
- Rv. 658 – frå Ålesund (krysset ved tunnel til Ellingsøya) – Ålesund lufthamn Vigra
- Rv. 70 – gjennom Sunndalen frå Trøndelag fylke til Kristiansund
- Fv. 65 – gjennom Surnadal frå Trøndelag fylke til Betna i Heim kommune
- Fv. 64 – frå Åndalsnes via Atlanterhavsvegen til Kristiansund
- Fv. 62 – frå Sunndalsøra til Hjelset
- Fv. 61 – frå Vestland fylke om Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid til krysset på Solevågseidet i Sula kommune
- Fv. 60 – frå Vestland fylke om Hellesylt, Stranda, Sykkylven til Moa i Ålesund kommune

Totalt er det om lag 6 530 km veg som er definert som europaveg, riksveg, fylkesveg eller kommunal veg i Møre og Romsdal (ikkje medrekna gang- og sykkelveg).

Fylkeskommunen har ansvaret for i overkant av 3 000 km veg, det vil seie om lag 46 prosent av vegnettet i fylket. Det er totalt 93 tunnelar og om lag 1700 bruer og berande konstruksjonar på det statlege og fylkeskommunale vegnettet.

Det er 24 ferjesamband i fylket. 20 av 24 ferjesamband i fylket er fylkeskommunale. Ferjesambanda blir trafikkert av 40 hovudfartøy i sommarsesongen (reservefarty kjem i tillegg), og det er totalt 61 ferjekaier. Dei mest trafikkerte ferjesambanda i fylket er Sykkylven-Magerholm og Hareid-Sulesund, deretter kjem Åfarnes-Sølsnes og Aukra-Hollingsholmen. I tillegg kjem det faste beredskapssambandet mellom Geiranger og Hellesylt i 2023 som vert trafikkert av ei ferje.

Tabell 7 Oversikt over veg og fergjer i Møre og Romsdal

	Km	Bruer	Tunnelar	Ferjesamband	Fartøy	Ferjekaier
Rv	418,5	456*	32	4	11**	11***
Fv	3 000	1240	61	20	29	50

\* Bruer som har status trafikkert

\*\* Fartøy som inngår i dagleg drift. I tillegg til saman 5 reservefartøy.

\*\*\* 11 ferjekaier fordelt på 8 kaianlegg

Tabell X. Dei 10 mest trafikkerte ferjesambanda per PBE 2021/2019. Kjelde: Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Samband / år	PBE	Køyretøy	Personar
<b>Molde - Vestnes</b>			
2019	1 594 699	854 963	1 703 173

2021	1 517 812	783 603	1 032 109
<b>Hareid - Sulesund</b>			
2019	1 208 018	810 469	1 404 371
2021	1 159 981	737 195	1 206 994
<b>Sykkylven - Magerholm</b>			
2019	1 162 171	837 222	1 518 287
2021	1 143 290	787 622	1 301 175
<b>Festøya - Solavågen</b>			
2019	1 187 206	650 080	1 230 403
2021	1 141 956	602 013	783 224
<b>Halsa - Kanestraum</b>			
2019	877 574	474 743	913 134
2021	919 332	469 920	801 875
<b>Åfarnes - Sølsnes</b>			
2019	861 580	444 611	913 387
2021	891 816	455 252	778 310
<b>Aukra - Hollingsholmen</b>			
2019	514 712	369 717	638 123
2021	502 315	351 809	587 505
<b>Seivika - Tømmervåg</b>			
2019	378 967	266 827	473 414
2021	374 333	265 343	445 177
<b>Stranda - Liabygda</b>			
2019	324 331	195 341	406 548

2021	349 863	199 963	345 559
<b>Volda - Folkestad</b>			
2019	415 054	246 802	439 138
2021	297 089	190 947	243 465

Det statlege selskapet Nye Veier AS har fått ansvaret for utbygging av E136 frå Dombås til Vestnes. Selskapet skal også ta ansvaret for drift og vedlikehald av denne vegen. Statens vegvesen vil drifte og vedlikehalde vegen til selskapet tek over.

### 3.3.6.3 Sjøfart

Geografien i Møre og Romsdal, med mange øysamfunn og fjordar, gjer at mange innbyggjarar i fylket er avhengig av sjøtransport med hurtigbåtar og lokalrutebåtar. Spesielt for «kvardagsbrukarane», (pendlarar i samband med jobb/skule og lokalt næringsliv,) er det viktig å ha påliteleg og robust sjøfart. Vidare er sjøtransport av gods viktig for næringslivet, og cruiseskip viktig for turistnæringa i fylket.

Infrastrukturen for sjøfart består hovudsakleg av hamner/kaier og farleier. Tre sentrale trafikkhamner i fylket er lokalisert i Ålesund, Molde og Kristiansund. I 2020 hadde hamnene i fylket nær 6 000 skipsanløp med gods<sup>54</sup> (stykkgoods, anna tørrlast), flest i Kristiansund og Ålesund med omkring 2 400 anløp kvar. Molde hadde 739 slike skipsanløp.

Farleier utgjer transportvegar til sjøs for skipstrafikk, fiskeflåte og anna sjøferdsel. Dei knyt saman stadar, fylker og landsdelar. Staten har i utgangspunkt ansvar for alle farleier, men i kommunar som har oppretta hamnedistrikt er det kommunen som har ansvaret for farleiene innanfor hamnedistrikt. Eit hamnedistrikt omfattar det geografiske ansvarsområdet til ein kommunal eller interkommunal hamneadministrasjon.

### 3.3.6.4 Luftfart

God tilgang til lufthamner er mellom anna viktig for arbeidslivet i distrikta. Det kortar ned avstanden til sentrale marknader som til dømes Oslo, Bergen og Trondheim.

Møre og Romsdal har fire lufthamner med sivil rutetrafikk: Kristiansund (Kvernberget), Molde (Årø), Ålesund (Vigra) og Ørsta/Volda (Hovden). Desse lufthamnene både utfyllar og konkurrerer med kvarandre.

### 3.3.6.5 Jernbane

Raumabanen er den einaste jernbanen som har stoppestad i Møre og Romsdal. Denne er ved Åndalsnes stasjon i Rauma kommune. På Åndalsnes er det terminal/stasjon både for gods og passasjerar. Raumabanen går mellom Dombås i Innlandet fylke og



Åndalsnes i Møre og Romsdal fylke. Banen er 114 km lang, der 55 km av strekninga ligg i Møre og Romsdal med endestasjon på Åndalsnes. Strekninga er ein av få som er dieseldrevet. Strekninga har ikkje fjernstyring eller automatisk hastigheitsovervaking (ATC). Til saman har Raumabanen 179 planovergangar, 67 av dei i Møre og Romsdal. Berre éin av planovergangane i fylket er teknisk sikra. Denne er sikra med vegbomanlegg. Elles er planovergangane av ulike typar og har ulik sikring. Offentlege planovergangar er sikra med vegsikringsanlegg som bommar, lys og lyd. Private planovergangar er sikra med grind.

#### 3.3.6.6 *Kollektivtransport og tilrettelagt transport*

Fylkeskommunen har ansvaret for over 14,2 mill. kollektivreiser i året(2021-tal). Desse reisene fordeler seg mellom buss (6,5 mill. reiser), ferje (7,4 mill. reiser) og båt (0,3 mill. reiser). Til samanlikning var tilsvarande tal i 2019 18 mill. kollektivreiser. Reduksjon i passasjertal for 2021 er knytt til Korona-pandemien.

Det er 156 ulike bussruter (inkl. skoleskyss), og over 20 millionar rutekilometer som blir køyrd av 380 bussar. Det er knytt 4 terminalar og 5972 haldeplassar til tilbodet. På sjø omfattar ansvaret 4 hurtigbåtar i 3 samband.

I tillegg til det ordinære kollektivtilbodet og taxitenester, har ein tilrettelagt transportordning og ordningar for bestillingstransport i områder der det ikkje er befolkningsgrunnlag for faste ruter.

TT- ordninga er eit tilbod om fritidsreiser til personar som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming ikkje har moglegheit til å reise med ordinær kollektiv transport<sup>53</sup>.

#### 3.3.6.7

### 3.3.7 Satellittbaserte tenester

Her viser vi til DSB si oversikt<sup>1</sup>. Det er ingen særskilde forhold for Møre og Romsdal.

---

<sup>53</sup> For meir kunnskap, sjå rapporten 'Utviklingstrekk for samferdselssektoren 2022-2025.



## Oversikt over beredskapsressursar

Tabell 7, 8, 9 syner oversikt over dei viktigaste beredskapsaktørane i fylket.

Tabell 8 Skildring av SFMR og FBR

Aktør	Kort skildring
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Er regjeringa og kongen sin representant i fylke, og høgaste statlege mynde. Har m.a. samordningsansvar for krisehandtering i fylke og tilsyn med kommunane sin beredskapsplikt.
Fylkesberedskapsrådet	Er Statsforvaltaren sin møteplass for gjensidig orientering om beredskap. Medlemmene i rådet er oppnemnde av Statsforvaltaren, og her deltek leiarar frå statlege organ, fylkeskommunen og sivile nøkkelpersonar innan tele og kraft. Forsvaret og frivillige organisasjonar er også representert.

Tabell 9 Oversikt over aktørane i Fylkesberedskapsrådet i Møre og Romsdal

Aktør	Kort skildring
Møre og Romsdal fylkeskommune	Har ansvar for drifta av vidaregåande skular og store delar av samferdsel i fylke, inkludert kollektivtilbodet for buss, ferje og hurtigbåtar. Fylkeskommunen har ansvar for utvikling og drift av fylkesvegane og utbygging av nye fylkesvegprosjekt. Fylkeskommunen har også ansvar for den offentlege tannhelsetenesta.
KS Møre og Romsdal	KS er kommunesektoren sin eigen interesseorganisasjon, utviklingspartner og landet sin største offentlege arbeidsgjevarorganisasjon. Alle kommunar og fylkeskommunar er medlemmar. KS arbeider for ein effektiv og sjølvstendig kommunesektor som tar i vare innbyggjarane sine behov.
Møre og Romsdal politidistrikt	I tillegg til ordinære polititjenester har distriktet ansvar for kontinentalsokkelberedskapen i området frå 62° N til 65° 30` N.

Møre og Fjordane heimevernsdistrikt HV11	Har hovudsete på Åndalsnes i Rauma kommune og er Forsvaret sin representant i fylke, og ein viktig aktør i totalforsvaret.
Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt	Har hovudsete i Molde og lokalavdelingar fleire stader i fylke. Har tilgang på eit større tal tenestpliktige mannskap som kan utføre tenester til fleire andre beredskapsaktørar, og viktige støttefunksjonar i Totalforsvaret.
Møre og Romsdal 110-sentral	Har det regionale ansvaret for mottak av nødmelding på 110 om brann, redning og akutt ureining for 26 kommunar i Møre og Romsdal.
Møre bispedøme	Administrerer vanlege kyrkjelege tenester i fylke, inkludert omsorgstenester i høve til krisesituasjonar.
Statens vegvesen	Er eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet. Skal utvikle og legge til rette for heilskapleg og framtidretta transportsystem i heile landet. Vegvesenet har sektoransvar for å følge opp nasjonale oppgåver for heile vegtransportsystemet.
NVE region vest	Er underlagt Olje- og energidepartementet og har ansvar for å forvalte vass- og energiresursane til landet. NVE varetek også statlege forvaltingsoppgåver innanfor skredførebygging.
Helse Møre og Romsdal HF	Har ansvaret for den offentlege spesialisthelsetenesta i Møre og Romsdal. Hovudoppgåver er pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande.
Helse Midt RHF	Har ansvar for spesialisthelsetenesta i sin region (Trøndelag og Møre og Romsdal). Skal sørge for god behandling, forskning, utdanning og opplæring av pasientar og pårørande.
Mattilsynet	Er eit statleg, landsdekkande forvaltningsorgan som er med på å sikre forbrukarar trygg mat og trygt drikkevatt. Skal fremje folke-, plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvennleg produksjon og etisk forsvarleg hald av fisk og dyr. Mattilsynet har også oppgåver knytt til kosmetikk og legemiddel, og fører tilsyn med dyrehelsepersonell.
Kystverket, Midt-Noreg	Er nasjonal etat for kystforvaltning, sjøtryggleik og beredskap mot akutt ureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Fiskeridirektoratet, region M&R	Skal bidra til å oppfylle Nærings- og fiskeridepartementet sine overordna mål, som er å sikre rammevilkåra for ei lønsam og berekraftig fiskeri- og havbruksnæring samt anna marint basert næringsliv.
KBO	Kraftforsyninga sin beredskapsorganisasjon består av NVE og dei fordelingsverka som står for kraftforsyninga i landet. I vårt fylke representert ved Istad Nett SA. I fredstid skal KBO koordinere naudsynte sikringstiltak og beredskapsoppgåver fordelingsverka skal gjennomføre.
NHO Møre og Romsdal	Næringslivets Hovudorganisasjon er den største og viktigaste private aktøren på arbeidsgjevarsida i trepartssamarbeidet mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarane sine hovudorganisasjonar og politiske myndigheiter.
NRK Møre og Romsdal	Norsk Rikskringkasting er ein offentlig finansiert ålmennkringkaster som skal sikre et breitt mediemangfald, trygge ytringsfridomen og ta i vare norsk kultur og språk. Distriktskontoret for Møre og Romsdal er lokalisert i Ålesund
Telenor Norge AS	Er landet sin største digitale tenesteleverandør innanfor innhald-, telekommunikasjon- og datatenester
Bufetat	Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) er organisert i fem regionar og har ansvar for det statlege barne- og familievernet. Bufetat skal gi barn, unge og familiar som treng det, tiltak med høg og riktig kvalitet i heile landet på områda barnevern, barn, ungdom og oppvekst, adopsjon, familievern, likestilling og ikkje-diskriminering og vald og overgrep i nære relasjonar.
Kartverket Møre og Romsdal	Har ansvar for etablering og drift av infrastruktur for geografisk informasjon i fylket, og har kontorstad i Molde.
Avinor	Er eit heileigd statleg aksjeselskap under Samferdselsdepartementet og har ansvar for 44 statlege lufthamner. Fire av desse ligg i Møre og Romsdal.
BaneNOR	Er eit statleg føretak med ansvar for den nasjonale jernbaneinfrastrukturen. BaneNOR sitt føremål er å sørge for tilgjengeleg jernbaneinfrastruktur og effektive og brukarvennlege tenester, inkludert knutepunkts- og godsterminalutvikling. I Møre og Romsdal har BaneNOR ansvar for Raumabanen.

Tabell 10 Frivillige organisasjonar i beredskapen i fylket (ikkje uttømmmande).

Aktør	Kort skildring
Redningsselskapet Region Midt-Noreg	Er ein frivillig, humanitær medlemsorganisasjon som tel 1600 redningskvinner og -menn, fordelt på 53 redningsskøyter over heile landet. RS jobbar for å skape tryggleik på sjøen, også internasjonalt
Møre og Romsdal Røde Kors	Frivillige medlem er til stades for menneske som treng støtte og hjelp. Røde Kors er støtteaktør for myndighetene, og kan tilpasse aktiviteten for å hjelpe menneske over heile landet, også internasjonalt.
Norsk totalforsvarsforum (NTF)	Er eit landsdekkande, forsvarsrelatert samarbeids- og interesseorgan for organisasjonar og enkeltpersonar som er opptatt av samfunnstryggleik og beredskap. NTF har som formål å styrke landet sin beredskap ved m.a. å: <ul style="list-style-type: none"> <li>Spreie opplysning om Norges totalforsvar og beredskap</li> <li>Arbeide for å styrke det sivile samfunnet sine moglegheiter til å møte krisesituasjonar i fred eller krig</li> <li>Vere pådrivar overfor myndighetene i beredskapsspørsmål</li> </ul>
Frivillige organisasjonars redningsfaglege forum (FORF)	Paraplyorganisasjon for frivillige organisasjonar som har sitt virke i redningstenesta. FORF i Møre og Romsdal består av Norsk Folkehjelp Sanitet, Raude Kross Hjelpekorps, Norske redningshundar, Norsk Radio Relæ Liga.
Romsdal Alpine fjellredningsgruppe	Frivillig gruppe som hjelper til med redning i bratt lende over heile fylket.
Norske Kvinners Sanitetsforening	Humanitær organisasjon som driver frivillig arbeid innanfor helse- og sosialområdet med vekt på kvinners helse og livsvilkår. Sanitetskvinnene bistår i leiteaksjonar, ved ulykker og i kriser.
Norsk Totalforsvarsforum (NTF)	Landsdekkjande, forsvarsrelatert samarbeids- og interesseforum for organisasjonar og enkeltpersonar som er opptatt av samfunnstryggleik og beredskap.

## 4 Referansar

1. DSB, 2016. Samfunnets kritiske funksjonar. <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/samfunnets-kritiske-funksjoner/>
2. FylkesROS Møre og Romsdal 2021-22. Rammeverk for gjennomføring av FylkesROS.
3. DSB, 2020. Veileder for Fylkesmannens arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyser (fylkesROS). [https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/veileder\\_for\\_fylkesros\\_v.3.pdf](https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veiledere/veileder_for_fylkesros_v.3.pdf)
4. Gjennom covid-19- pandemien vart også viktige samfunnsfunksjonar definert. Sjå t.d. [https://www.regjeringen.no/contentassets/8da70b8196a24296ae730eaf99056c1b/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner\\_endelig-versjon-22.12.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/8da70b8196a24296ae730eaf99056c1b/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner_endelig-versjon-22.12.pdf)
5. Jf. sikkerhetsloven §1-5, nr.2
6. Norsk klimaservicesenter, 2017. Klimaprofil Møre og Romsdal. <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/klima/klimaprofil-mr-2017.pdf>
7. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030.
8. FHI, 2021. Folkehelseundersølinga i Møre og Romsdal 2021. <https://www.fhi.no/publ/2021/folkehelseundersokinga-i-more-og-romsdal-2021/>
9. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Fylkesstatistikk. <https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/fylkesstatistikk>
10. Møre og Romsdal fylkeskommune. Folkehelsestatistikk. <https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/folkehelsestatistikk>
11. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Berekraftsprofil. U4SSC KPI rapport. <https://mrfylke.no/content/download/17186/195264?version=2>
12. Ungt utenforskap i Møre og Romsdal. Nordlandsforskning 9/2022
13. <https://www.blumaritimecluster.no/gce>
14. <https://www.legasea.no/legasea>
15. <https://www.norwegianrooms.no/>
16. <https://ikuben.no/>
17. SpareBank 1, SMN. Konjunkturbarometer for Trøndelag og Møre og Romsdal. <https://www.sparebank1.no/nb/smn/bedrift/konjunkturbarometer.html>
18. Sjå t.d. <https://www.nav.no/no/lokalt/more-og-romsdal/statistikk-og-analyse/statistikk-og-analyse/ukentlig-statistikk-over-arbeidsledige>
19. Sjå <https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/dataset/Details/40>
20. Sjå <https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonalt-interesse-kula/>

21. Sjå <https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2faskeladden%2f>
22. Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion, 2022 – 2027.
23. The North Atlantic Treaty. [https://www.nato.int/cps/en/natohq/official\\_texts\\_17120.htm](https://www.nato.int/cps/en/natohq/official_texts_17120.htm)
24. NATO Seven Baseline Requirements. Disse samsvarar i stor grad med det som er definert som 'grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) i Noreg. Sjå t.d. [https://www.nato.int/cps/en/natohq/topics\\_132722.htm](https://www.nato.int/cps/en/natohq/topics_132722.htm).
25. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven). LOV-2011-06-24-30, §5-5. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>
26. Organisasjonsplan for redningstjenesten, FOR-2019-12-06-1740. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2019-12-06-1740>
27. Lov om politiet. LOV-1995-08-04-53. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53>
28. Mandat for redningsledelsene ved lokale redningssentral (LRS), fastsatt i kgl.res. 6.des 2019. Sjå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mandat-for-redningsledelsene-ved-lokale-redningssentraler/id2460500/>
29. Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften). FOR-2021-09-15-2755. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-09-15-2755>
30. Sjå FORF sitt kontaktutvalg i Møre og Romsdal PD. [https://forf.no/forf/lastned.asp?\\_page=dokument&\\_id=215&\\_subid=387](https://forf.no/forf/lastned.asp?_page=dokument&_id=215&_subid=387)
31. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret. LOV-2010-06-25-45. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-25-45>
32. Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett. Vedlegg 2. Den europeiske menneskerettskonvensjon med protokoller (norsk oversettelse). [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)
33. Geneve-konvensjonen om beskyttelse av sivile i krigstid, med vedlegg (Konvensjon IV). 12-08-1949 nr 4 Multilateral. [https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1949-08-12-4/KAPITTEL\\_3-1#KAPITTEL\\_3-1](https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1949-08-12-4/KAPITTEL_3-1#KAPITTEL_3-1)
34. <https://www.varsom.no/>
35. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, NGU, 2011. Risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal.
36. <https://www.dsb.no/contentassets/c05e0ad7a492441492646c144f06cdc2/kommuneundersoekelsen.pdf>
37. United 4 Smart Sustainable Cities, u.å. Collection Methodology for Key Performance Indicators for Smart Sustainable Cities.



- <https://www.itu.int/en/publications/Documents/tsb/2017-U4SSC-Collection-Methodology/mobile/index.html#p=1>
38. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2021. Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Program for eit berekraftig fylke. Berekraftprofil. U4SSC KPI rapport. <https://mrfylke.no/content/download/17186/195264?version=2>
  39. Norsk Vann, 2021. A 259 Kommunalt investeringsbehov for vann og avløp 2021-2040. Rapport/analyse av Sintef og Norconsult. Tilgjengeleg frå <https://va-kompetanse.no/butikk/a-259-kommunalt-investeringsbehov-for-vann-og-avlop-2021-2040/>
  40. Statnett, 2021. Nettutviklingsplan 2021.
  41. Statnett, 2022. Konseptvalgutredning. Tilrettelegging for forbruksvekst i Nordmøre og Romsdal.
  42. Statnett, 2021. Nettutviklingsplan 2021. Samandrag.
  43. Sjå Forskrift om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen (kraftberedskapsforskriften). FOR-2012-12-07-1157. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-12-07-1157>
  44. Definisjon frå Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven), § 1-5. LOV-2003-07-04-83. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-83>
  45. Lysneutvalget, 2015. <https://www.regjeringen.no/no/dep/jd/org/styre-rad-og-utval/innstillinger/innstillinger-fra-utvalg/innstillinger-levert-i-2015/Digitalt-sarbarhetsutvalg/id764196/>
  46. <https://finnsenderen.no/>
  47. Sjå t.d. Telenor sitt dekningskart, <https://www.telenor.no/dekning/>
  48. TETRA (TErrestrial Trunked RAdio) er ein standard for digitalt radiosystem for lukka, gruppeorientert kommunikasjonsradiosamband som er spesielt utvikla for offentlege naud- og beredskapstenester, men som også brukes av andre profesjonelle brukere.
  49. Strategi for samfunnssikkerhet i transportsektoren', Samferdselsdepartementet desember 2020, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-samfunnssikkerhet-i-samferdselssektoren/id2460094/>
  50. Skildringane er henta frå 'Strategi for samfunnssikkerhet i transportsektoren', Samferdselsdepartementet desember 2020, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-samfunnssikkerhet-i-samferdselssektoren/id2460094/>
  51. Viser til plan for sivil transportberedskap.
  52. Strategi for samfunnssikkerhet i transportsektoren, desember 2020, Samferdselsdepartementet
  53. For meir kunnskap, sjå rapporten 'Utviklingstrekk for samferdselssektoren 2022-2025.

